

*Ein stor takk til
Ragnhild Eik for inspirerende samtalar
og kloke innspel;
Ingvil H. Velle og Kristine M. Saltnes
for godt selskap på lesesalen,
kaffipausar og lufteturar i marka;
Hans Aleksander for å vere slik ein snill
og oppmuntrande sambuar;
Lærarane på norskkurset ved NTNU for
å dele ut og samle inn spørjeskjema,
samt informantane som stilte opp;
Terje Lohndal for konstruktive
kommentarar til arbeidet;
Og framfor alt Tor Anders Åfarli for
motiverande og solid rettleiing!*

Innhold

1 Introduksjon.....	1
1.1 Tema for oppgåva	1
1.2 Forskingsspørsmål	2
1.3 Teoretisk ståstad.....	4
1.4 Empirisk metode.....	6
1.5 Struktur	7
2 Teori	9
2.1 Verbplassering	9
2.1.1 V2-fenomenet	9
2.1.2 Verbplassering i engelsk.....	10
2.1.3 Tematisering	11
2.2 Lokativ inversjon.....	12
2.2.1 Egenskapar	12
2.2.2 Syntaktiske forhold	13
2.2.3 Kva type verb finn vi i konstruksjonen?	15
2.2.3.1 Semantiske forhold	15
2.2.3.2 Argumentstruktur	16
2.3 Generelle teoriar om andrespråkstileigning.....	19
2.3.1 Hypotesen om full transfer og full aksess.....	20
2.3.2 Minimale tre-hypotesen	20
2.3.3 Hypotesen om modulert strukturbygging	20
2.3.4 Bohnacker (2006): Transfer og S3-innlæring.....	22
3 Empiri	23
3.1 Design	23
3.1.1 Prosedyrar for datainnsamling	23
3.1.2 Informantutval	24
3.1.3 Testbatteri.....	25
3.2 Metodologiske forhold i andrespråksforskning.....	26

3.2.1 Sentrale metodologiske aspekt.....	26
3.2.2 Strategiar for å validere funn.....	26
3.3 Gjennomføring.....	28
3.4 Resultat.....	29
4 Analyse	33
4.1 Analytisk versus deskriptiv inversjon.....	33
4.2 Syntaktisk analyse av lokativ inversjon	35
4.2.1 Verbflyttingsanalyse.....	35
4.2.2 Argument mot verbflyttinganalyse.....	35
4.2.3 Ergativ analyse	36
4.3 Validiteten i forskinga.....	41
4.3.1 Setningsstruktur.....	41
4.3.2 Språkleg kompetanse.....	43
4.4 Hypotesar om syntaktisk transfer	45
4.4.1 Hypotese om syntaktisk transfer av LI-konstruksjonen.....	45
4.4.2 Akseptabilitetsvurdering.....	47
4.4.3 Hypotese om leksikalske triggerar.....	49
4.4.4 Oppsummering	50
5 Konklusjon	51
Litteraturliste.....	53
Vedlegg	57
<i>Vedlegg 1 Informanttest.....</i>	<i>59</i>
<i>Vedlegg 2 Resultat - setningsbasert.....</i>	<i>67</i>
<i>Vedlegg 3 Resultat - informantbasert</i>	<i>69</i>
Samandrag.....	73
Relevans for virket som lektor.....	75

1 Introduksjon

1.1 Tema for oppgåva

Det overordna tema for denne masteroppgåva er *syntaktisk transfer* frå morsmålet. Tradisjonelt blir transfer skildra som den påverknaden morsmålet har på andrespråktileigning, og syntaktisk transfer inneber at innlæraren øverfører setningstruktur og/eller syntaktiske trekk, som bøyingskategoriar (tempus, numerus, genus med meir), frå morsmålet til andrespråket (Field 2011: 181).¹ For å undersøkje graden av syntaktisk transfer, skal eg spesifikt forske på engelske innlærarar av norsk som andrespråk. Målet med forskinga er å finne ut om dei engelske innlærarane tek med seg visse syntaktiske strukturar frå førstespråket inn i produksjonen av norske setningar, og på denne måten har syntaktisk transfer frå morsmålet.

For å finne ut av dette, vil eg ta utgangspunkt i eit spesifikt grammatisk fenomen i engelsk, nemleg *lokativ inversjon* (LI). Det som er spesielt med dette fenomenet er at det genererer ein setningsstruktur som på overflata er lik V2-strukturen vi har i norsk språk. I engelsk har ein vanlegvis ikkje verbet i andre posisjon i deklarativ hovudsetningar (V2), men ved lokativ inversjon får vi subjekt-verb-inversjon og verbet som andre setningsledd. At LI-strukturen deler eigenskapen om V2, gjer at han eignar seg godt til å utforske transfer frå engelsk til norsk.

Quirk et al. (1985) trekkjer fram at funksjonen til lokativ inversjon er å gi subjektet fokus. Fenomenet blir vidare rekna for å vere av ein poetisk karakter, og døma på lokative

¹ Dei fleste studiar i andrespråksforskning har fokusert på påverknaden morsmålet har på andrespråket, men De Angelis og Selinker (2001) er blant dei som argumenterer for at alle språk innlærar kan, påverkar innlæringa av eit nytt språk, og at dette aspektet bør vere ein del av både definisjonane og forskinga i feltet. Dei trekkjer fram to definisjonar på transferomgrepet som tek høgde for at innlærar kan vere fleirspråkleg:

...the influence resulting from similarities and differences between the target language and any other language that has been previously (and perhaps imperfectly) acquired. (Odlin 1989: 27)

...for most researchers, language transfer is the use of native language (or other language) knowledge – in some yet unclear way – in the aquisition of a second language (or additional) language (Gass & Selinker 1983: 372)

Sjølv om desse definisjonane er meir nyanserte enn tradisjonelle definisjonar, vil eg gjennomgåande referere norsk som andrespråk (N2) i denne oppgåva. Det blir likevel tatt omsyn til dette det fleirspråklege aspektet i analysen.

inversjonssetningar er i hovudsak henta frå litteratur. Det er dessutan eit relativt sjeldan fenomen, som er lite forska på frå ein syntaktisk ståstad. Likevel argumenterer Helene Hauge for at lokativ inversjon-konstruksjonen fortener merksemd, og i si hovudoppgåve *Locative Inversion in English* (1996) har ho gjort ei framstilling av fenomenet med særskilt vekt på den syntaktiske strukturen.²

Hauge (1996) argumenterer for at LI-konstruksjonen har ein ergativ analysestruktur. I denne oppgåva vil eg støtte meg på hennar konklusjon og drøfte den ergative analysen vidare i lys av konsekvensane han får for verbplassering og transfer av V2-fenomenet. På denne måten tek eg i bruk induktiv metode, då forskning basert på eit konkret fenomen vil danne utgangspunkt for eit generelt bidrag til teorien om syntaktisk transfer.

1.2 Forskingsspørsmål

Målet med denne oppgåva er å finne ut om og eventuelt korleis innlærarar av norsk som andrespråk (N2) har transfer av V2-fenomenet i det norske mellomspråket. Med utgangspunkt i dette målet har eg formulert følgjande hypotese:

For innlærarar av norsk med engelsk som morsmål er det lettare å meistre V2 ved norske ekvivalentar til typiske lokative inversjonsstrukturar i engelsk.

Hypotesen inneber slik ei forventning om syntaktisk transfer; at transfer av eigenskapen om V2 frå LI-konstruksjonen til dei norske ekvivalentane lettar innlæringa av V2, og såleis bidreg til korrekt ordstilling i desse setningane. Følgjeleg vil ein vente seg ulik grad av meistring i dei norske ekvivalentane til denne strukturen kontra dei norske ekvivalentane til 'normal' engelsk setningsstruktur. I empiriske data frå eiga forskning finn eg ein generell trend om at innlærarane meistrar V2 betre ved dei lokative inversjonsstrukturane, og hypotesen blir slik stadfesta gjennom eiga forskning. Ut ifrå desse resultatata blir spørsmålet vidare:

² Chris Collins presenterer ei alternativ analyse i boka *Local Economy*, men denne vil eg ikkje gå inn på her (1997: 26-30)

Kvifor er det overvekt av korrekt inversjon ved lokativ inversjon-konstruksjonen?

I leiting etter svar på dette spørsmålet, vil eg undersøkje ulike analysar av syntaktisk transfer. For å vurdere om innlærarane har syntaktisk transfer frå morsmålet, er det naudsynt å utforske kva syntaktisk analyse som gjeld for konstruksjonen i engelsk. Det neste forskingsspørsmålet blir difor:

Kva syntaktisk analyse gjeld for lokativ inversjon-konstruksjonen?

Eg vil ut ifrå dette spørsmålet trekkje fram to moglege analyser: verbflyttingsanalysen og ergativ analyse. I framstillinga vil eg basere meg på den grundige drøftinga til Hauge (1996), og i likskap med henne lande på ein ergativ analyse av fenomenet i engelsk. Ein viktig syntaktisk eigenskap ved lokativ inversjon i engelsk ved ergativ analyse, er at den ikkje har verbflytting til C-posisjonen, slik som den norske ekvivalenten har. Sjølv om ein kan observere verbet på andre plass i begge setningsstrukturane (deskriptiv V2), har ikkje lokativ inversjon V2 som ein underliggjande syntaktisk eigenskap (analytisk V2). Når ein skal finne ut om der er syntaktisk transfer frå LI-konstruksjonen i engelsk, må ein difor ta høgde for denne skilnaden.

For å finne ut om innlærarane har transfer av heile LI-strukturen, eller om det er ei anna form for syntaktisk transfer som forklarar overvekta av V2 i dei norske ekvivalentane til den engelsk LI-strukturen, blir spørsmålet:

Har innlærarane den norske verbflyttingsstrukturen eller den engelske LI-strukturen i dei norske ekvivalentane til lokativ inversjon?

Gjennom ei akseptabilitetsvurdering av norske ekvivalentar til lokativ inversjon-strukturen fann eg grunn til å tru at informantane føretrekkjer den norske verbflyttingsstrukturen. Basert på desse funna legg eg fram ein endeleg hypotese om «leksikalske triggjarar», som seier at lokative inversjonsverb i dei norske ekvivalentane lokkar fram ein V2-struktur. På denne måten er det transfer av eigenskapen deskriptiv V2 frå morsmålet som utløyser analytisk V2 i dei norske ekvivalentane. I denne hypotesen blir det følgeleg hevda at leksikalske triggjarar er forklaringa på overvekt av V2 ved lokative inversjonsverb.

1.3 Teoretisk ståstad³

Denne masteroppgåva er eit forskingsbidrag innan generativ andrespråksgrammatikk. I dette fagfeltet er føresetnadane for tileigning av andrespråket eit grunnleggjande spørsmål, og ulike teoriar har ulikt syn på om første- og andrespråkstileigning føregår under dei same eller ulike vilkår. Teoriane inneber såleis forskjellige syn på kva starttilstand innlæraren har, og korleis førstespråket påverkar innlæringa. Ved å nytte ei generativ tilnærming blir målet å få overblikk over den mentale representasjonen av andrespråkskompetansen, og bruke denne som utgangspunkt for å drøfte nettopp desse spørsmåla.

Analyseverktøyet for å skaffe dette overblikket er generativ syntaks, utvikla av Chomsky frå 1950-talet. Chomsky meinte at språket er ein internalisert struktur, og at språketeoriar må kunne forklare kvifor ein kan forstå og produsere setningar ein aldri har høyrte før. Følgjeleg reknar generativistane med at det eksisterer ein medfødt språkmodul i hjernen, ein såkalla *universalgrammatikk* (UG), som dannar utgangspunktet for førstespråksinnlæring. Som vi skal sjå, er rolla til UG ein sentral diskusjon i generelle andrespråksteoriar, der det er eit spørsmål om UG i det heile tatt spelar inn på andrespråksinnlæringa, eller om førstespråket åleine dannar grunnlaget for tileigning av eit andrespråk.


Etter kvart som den generative grammatikken utvikla seg, la Chomsky til grunn eit system han kalla *prinsipp- og parameterteorien*. Denne teorien seier at UG består av både faste grammatiske prinsipp som er felles for alle språk, og parameterar, som varierer mellom språka. Sidan parameterar er språkavhengig, er dei vidare avhengig av språkleg innputt for å vere i funksjon. Frå 1980-åra vart denne teorien ein del av *styrings- og bindingsteorien* (GB-teorien), som vart lansert i Chomsky (1981), og seinare av minimalismeprogrammet (Chomsky 1995). Det er denne generelle teorien, og først og fremst GB-teorien, som dannar rammeverket for oppgåva.⁴

³ Denne delen byggjer på framstillinga i bøkene *Norsk generativ syntaks* (Åfarli og Eide 2003) og *Norsk Andrespråkssyntaks* (Eide 2015), kapittel 1.2 Den chomskyanske revolusjonen i språklæringsteori.

⁴ Teorien har hatt ei stor endring, og etter at minimalismeprogrammet vart innført av Chomsky i 1995, vart *x'*-teorien meir eller mindre forlaten. Sjølv om GB-teorien ikkje er aktiv i dag, meiner eg det er det mest eigna analyseverktøyet for å illustrere bakgrunnteori, drøfting og resultat i denne oppgåva. Spesielt synleg blir dette i drøftinga av den syntaktiske analysemodellen for lokativ inversjon, då hovudoppgåva til Hauge (1996) er framstilt med GB-teorien som rammeverk. Hennar forslag til analysemodell utgjer ein sentral del av argumentasjonen og grunnlaget for eigne forskingsspørsmål, og difor meiner eg det er føremålstenleg å ta i bruk det same generative programmet. Å setje bakgrunnsteorien inn i eit nytt paradigme, ligg altså ikkje innanfor rammene til denne oppgåva.

I GB-teorien reknar ein med at konstituentar flyttar rundt i setninga etter strenge prinsipp som til saman berre tillét at grammatikalske setningar blir genererte. Som grunnleggande skjema for ei framstilling av språkmodulen og følgjeleg for desse reglane i aksjon, vil eg ta utgangspunkt i ein CP-TP-VP-struktur. Trestrukturen under viser den norske setninga *Mor drakk kaffi i går* etter derivasjon:

(1)



I den leksikalske projeksjonen (VP) blir subjektet, hovudverbet, det direkte objektet og her ei adjungering av eit tidsadverbial (PP) generert. Vidare flyttar hovudverbet frå V via T (for å få tempus) og til C (grunna V2). Subjektet flyttar frå subjektsposisjonen [Spes, VP], via [Spes, TP] for å få nominativ kasus, og her vidare til temaposisjonen. Slik får desse trekk som tempus og kasus i dei funksjonelle projeksjonane (CP-TP).

Ein faktor som spelar inn på den syntaktiske analysen, er *Kasusfilteret*, som seier at Kasus er obligatorisk for alle realiserte DPar (Åfarli og Eide 2003: 110).⁵ Ein analyse må difor alltid sørge for at dette trekket blir tildelt. I analysemodellen som gjeld for denne oppgåva, blir akkusativ (og dativ) rekna for å bli tildelt gjennom styring.⁶ Akkusativ (og dativ) kan såleis berre tilordnast av kjerner, men det kan skje både før og etter flytting, og ein antek at V [+TRANS] og preposisjonar styrer Kasus. Nominativ Kasus blir derimot tilordna subjektet i spesifikatorposisjonen til T [+FIN] via spesifikator-kjernekongruens (Åfarli og Eide: 108).

Ein annan sentral faktor er talet på argument i setninga. Det er hovudverbet som avgjer dette, og ulike typar verb deler ut ulike Theta-roller: Transitive verb deler ut både ei intern og ei

⁵ Det er her snakk om abstrakt kasus, som er ein ikkje-realisert morfologisk kasus.

⁶ Ein kerne styrer frasen som høyrer under komplementet sitt; nedover i strukturen til og med kjernen til komplementet. Sjå Åfarli og Eide (2003: 103)

ekstern rolle, medan intransitive verb berre deler ut éi rolle. Ein skil altså mellom den eksterne rolla, som tilsvarer subjektet, og dei interne rollene, som tilsvarer det direkte og indirekte objektet. Theta-roller kan bli tilordna argument som står i spesifikator- eller komplementsposisjonen til den kjerna som deler ut rollene, og såleis avgjer dette kvar i strukturen subjektet og objekta blir genererte (Åfarli og Eide: 53). Vidare seier *Theta-kriteriet* at alle argument må ha ei Theta-rolle, men denne kan ikkje delast ut til fleire, og kvart argument må nøye seg med éi rolle (ibid.: 102).

No når desse aspekta ved teorien og analysemodellen er presentert, skal grunnlaget for å forstå drøfting og analyse i denne masteroppgåva vere lagt. Det er likevel ein fordel å ha ei djupare innsikt i GB-teorien, og neste kapittel viser difor til lærebøker som tek for seg dette rammeverket – først og fremst innan andrespråkssyntaks.

1.4 Bakgrunnsteori og empirisk metode

Som bakgrunns litteratur i arbeid med denne masteroppgåva har eg brukt *Norsk generativ syntaks* (Åfarli og Eide 2003), *Norsk Andrespråkssyntaks* (Eide 2015), *Second Language Acquisition and Universal Grammar* (White 2003), *Understanding Minimalism* (Hornstein et al. 2005) og *Second Language Syntax: A Generative Introduction* (Hawkins 2001).

I arbeid med lokativ inversjon-fenomenet har hovudoppgåva til Helene Hauge (1996): *Locative inversion in English* vore utgangspunktet for framstillinga. Eg har difor oppsøkt mange av dei same kjeldene, der den mest sentrale i tillegg til sjølve hovudoppgåva er *Unaccusativity: At the Syntax-Lexical Semantics Interface* av Beth Levin og Malka Rappaport Hovav (1995), som eg vil omtale som LRH. Dei diskuterer lokativ inversjon frå både ein pragmatisk og syntaktisk ståstad ved å gi ein introduksjon til fenomenet, samt diskutere kva restriksjonar som gjeld for konstruksjonen med omsyn til kva verb som er tillatne. Kapittel 6 inkluderer dessutan argumentasjon mot ergativ analyse av lokativ inversjon-konstruksjonen, medan Helene Hauge trekkjer fram argumenta i LRH (1995) og konkluderer med ein ergativ analysemodell.

Som empirisk materiale har eg gjennomført ein informanttest av N2-innlærarar med engelsk som morsmål, sjå kapittel 3. Dette er først og fremst ei syntaktisk vinkla oppgåve og det vil bli lagt vekt på drøfting av analysemodell for fenomenet for å avgjere spørsmålet om syntaktisk transfer. Likevel vil også individuelle faktorar stå sentralt i drøftinga av validitet og

innverknad på mellomspråket, då desse kan ha ei viktig rolle når det gjeld andrespråkskompetansen og dermed produksjonen.

1.5 Struktur

Oppgåva er fordelt på fem kapittel: Kapittel 2 tek føre seg dei ulike teoretiske aspekta som blir relevante i forståing av empiri og analyse. Kapittelet inneheld difor ei komparativ analyse av verbplassering i norsk og engelsk, ei framstilling av lokativ inversjon-fenomenet og generelle teoriar i andrespråksforskning. I kapittel 3 drøftar eg val av metode og informantar, og presenterer til slutt resultatata frå informanttesten. Kapittel 4 inneheld ein diskusjon om analysemodell for lokativ inversjon-fenomenet, og ei drøfting om kva setningsstruktur innlærarane verkar å bruke i det norske mellomspråket. Slik blir spørsmålet om syntaktisk transfer sett i samanheng med resultat frå eiga forskning. Til slutt gir kapittel 5 ei oppsummering av forskningsspørsmål og funn, og eg vil trekkje konklusjonar av hypotesane som er hevda undervegs i oppgåva.

2 Teori

Dette kapittelet gjer greie for dei ulike teoretiske aspekta som blir relevante i forståing av empiri og analyse: Del 2.1 gir ei komparativ analyse av verbplassering i norske og engelske deklaratve hovudsetningar, med særleg vekt på tematisering av adverbial. Del 2.2 gir ei framstilling av lokativ inversjon-fenomenet, både frå ein semantisk og syntaktisk ståstad, medan del 2.3 tek for seg generelle teoriar i andrespråksforskning.

2.1 Verbplassering

2.1.1 V2-fenomenet⁷

Innan norsk syntaks talar ein om V2-fenomenet, som inneber at det finite verbalet flyttar til C-posisjonen og dermed alltid står på plass nummer to i deklaratve heilsetningar – uansett kva leddstilling det er elles i setninga. Jamfør dei to setningane under:


(1) a. Han *åt* kake i går.

b. I går *åt* han kake.

Her ser vi at verbet i setning (1a), der subjektet står som første ledd, får same plassering som i setning (1b), der adverbialet står som første ledd. Dette kan forklarast ved at det finite verbalet blir ståande i C-posisjonen, uansett kva som okkuperer temaplassen i setninga. Jamfør strukturen under, der verbet står i C og det tematiserte leddet *i går* står i [Spes, CP]:

(2) I går *åt* han kake.

⁷ Oversyn over V2-fenomenet finst i Vikner (1995) og Holmberg og Platzack (1995). Dessutan har Anders Holmberg (2015) skrive ein omfattande oversynsartikkel om V2 som kan oppsøkast for vidare diskusjon.



Fenomenet er utbreidd i dei germanske språka, deriblant dei skandinaviske språka og tysk. I romanske språk og i engelsk, som også høyrer til i blant dei germanske språka, er det derimot ikkje V2-krav (Hawkins 2001). Det er vanleg å rekne V2-fenomenet som eit sentralt trekk ved såkalla *plasshaldarspråk*.⁸ I språka som inngår i denne kategorien, har ordstillinga ein tendens til å verte stabil, og det er sjeldan mogleg å stryke konstituentar i setninga.⁹ Dette resulterer i syntaktiske fenomen som formelt subjekt (*det, der*) og obligatorisk kopula. Det er mange måtar å gjennomføre leddstillingsvariasjon i plasshaldarspråk på, men desse må altså føye seg etter V2-kravet, og til saman blir desse restriksjonane rekna som store utfordringar i andrespråklæring.


2.1.2 Verbplassering i engelsk

I engelsk finn ein altså ikkje V2-kravet, og dette genererer ulik struktur i engelske og norske deklorative heilsetningar. Her ser vi den engelske ekvivalenten til (1b), der adverbialet er tematisert. Vurder plassering av verbalet i denne setninga:

(3) Yesterday he *had* cake.

⁸ Ein finne denne termen brukt i mellom anna Berggren og Tenfjord (1999).

⁹ Dette gjeld ikkje i typisk talt språk, der det er vanleg å stryke konstituentar i visse posisjonar i setninga (jf. Nygård 2013).



I analysen av dei norske setningane blir det finitte verbalet ståande i C-posisjonen, medan engelsk opererer i følge Pollock (1989) med såkalla affiks-hopping,¹⁰ der verbet får tempus ved at dette trekket «hoppar» frå T-posisjonen til V.¹¹ I engelsk blir dermed verbalet ståande i V. Dersom verbalet inneheld eit hjelpeverb, flyttar det til T, der det tileignar seg tempus og kongruens med subjektet. Ein går dermed ut ifrå at også setningar som ser like ut på overflata, får ulik verbplassering:

(4) Han *åt* kake i går.

(5) He *had* cake yesterday.

Her ser den norske og den engelske setninga like ut, men ein går altså ut ifrå at verbet står i C i den norske og V i den engelske.

2.1.3 Tematisering

Skilnaden i verbplassering mellom engelsk og norsk gjer seg særleg gjeldane ved tematisering, som vist ved representasjonane i (2) og (3). Medan verbet blir ståande i C-posisjon og dermed *framfor* subjektet i norsk, blir det ståande i V-posisjon og dermed *etter* subjektet i engelsk:

(6) I går *åt* **han** kake.

(7) Yesterday **he** *had* cake.

¹⁰ Denne tempustilordningsteorien går attende til Chomsky 1957, men blir gjerne forbunde med Pollock (1989).

¹¹ I Åfarli og Eide (2003) reknar ein med tempustilordning via styring i engelsk, men her tek eg utgangspunkt i Pollock (1989), då dette samsvarar med framstillinga til Helene Hauge (1996).

For ein person med engelsk som morsmål som skal lære seg norsk, kan denne skilnaden mellom språka resultere i avvik frå målspråket. Verbplassering blir slik eit potensielt problematisk aspekt ved andrespråksinnlæring.¹²

Den innleiande hypotesen for denne oppgåva predikerer at V2 vil vere enklare for innlærarar når dei støyter på ekvivalentar til lokative inversjons-strukturar enn ved andre norske setningsstrukturar. Som vi skal sjå i neste kapittel, er LI-konstruksjonen i engelsk kjenneteikna ved eit tematisert adverbial og subjekt-verb-inversjon. Med andre ord er rekkjefølgja på setningsledda lik den vi ser i (6), og på overflata er han såleis lik strukturen vi har i norske deklarativ setningar. På denne måten skil LI-konstruksjonen seg frå syntaksen som vanlegvis opptre i engelsk språk.

2.2 Lokativ inversjon

2.2.1 Eigenskapar

Det er særskilt to eigenskapar ved lokativ inversjon som karakteriserer fenomenet. For det første er ein lokativ PP tematisert,¹³ og for det andre er subjekt og verbal invertert. Lokativ inversjon skil seg slik frå kanonisk rekkjefølgje i engelsk setningsstruktur, som illustrert i dette dømet henta frå Bresnan (1994: 75):

(7) a. **A lamp** *was* in the corner.

b. In the corner *was* **a lamp**.

(7a) viser ei engelsk deklarativ hovudsetning med kanonisk setningsstruktur, der subjektet har ein preverbal posisjon og den lokative PPen kjem til slutt i setninga. I (7b) finn ein døme på lokativ inversjon-konstruksjonen, der subjektet har ein postverbal posisjon og den lokative

¹² Sjå mellom anna Brautaset (1996) for ein diskusjon om V2-problematikk i norsk andrespråk.

¹³ Lokative adverbial eller stadsadverbial skildrar kor noko er eller kor noko skjer. Døme på lokative adverbial er "i hjørnet", «bakerst», «inn i rommet» osv. Lokative adverbial står i kontrast til andre typar adverbial som måtesadverbial («med ein hammar», «raskt»), tidsadverbial («i går», «om sommaren»), årsaksadverbial («på grunn av snø») med fleire. Av desse adverbiala er det berre lokative adverbial som kan tvinge fram inversjon i engelsk, og det er på bakgrunn av dette at ein snakkar om «lokativ inversjon». Sjå mellom anna Bresnan (1994: 75) for ei framstilling av kva som ligg i omgrepet lokativ.

PPen er tematisert. Verbet får dermed andre posisjon i setninga og lokativ inversjon er slik eit døme på V2 i engelsk.

2.2.2 Syntaktiske forhold

I *Engelsk Universitetsgrammatik* trekkjer Svartvik og Sager (1977: 412) fram fire kriterium for at inversjon skal oppstå. For det første må subjektet vere meir komplekst enn verbalet, og dermed kan det til dømes ikkje vere eit personleg pronomen på subjekts plass:

(8) a. **A blackbird** *came* down.

b. Down *came* **a blackbird**.

c. *Down *came* **he**.

Dette dømet er basert på ein filmtittel som inneheld lokativ inversjon-konstruksjon (8b), og i (8c) blir subjektet erstatta med eit personleg pronomen, som resulterer i ei ugrammatisk setning (*). Vidare kan denne setninga illustrere den neste restriksjonen Svartvik og Sager (1977) trekkjer fram, nemleg at verbalet ikkje kan innehalde eit hjelpeverb:

(9) *Down **had come** a blackbird.

At ingen hjelpeverb kan vere til stades i setninga, vil seie at verbalet må stå i presens eller preteritum. Likevel finn ein døme i mellom annan LRH (1995: 221-2) på lokativ inversjon-konstruksjon med hjelpeverb, her med markerte subjekt og verbal:

(10) With him *had arrived* **hoards [sic] of workmen and carpenters** ... [M. Piercy, *Summer People*, 235] (7c)

(11) (...) *could be seen* **an endless avenue of dark pink May trees**, (...) [M. Spark, *The Prime of Miss Jean Brodie K*, 104-5] (11c)

Ut ifrå desse døma er det altså ikkje samsvar mellom restriksjonen om hjelpeverb, nemnd av Svartvik og Sager (1977), og døma vi finn i litteraturen. Eg legg dessutan merke til at dei fleste døma frå LRH (1995) med hjelpeverb har eit komplekst subjekt. Det kan difor verke som om hjelpeverb kan finne vere til stades i lokativ inversjon, men at det opptreer relativt sjeldan fordi det fører til at verbalet blir nokså komplekst. Sidan førstnemnde restriksjon seier at subjektet må vere meir komplekst enn verbalet, er det difor rimelig å anta at det er denne som er i spel i døme (10) og (11), og at restriksjonen om hjelpeverb fungerer som ein konsekvens av denne.¹⁴

Eit mogleg moteksempel til restriksjonen om at subjektet må vere meir komplekst enn verbalet, finn vi i (12). Her er subjektet eit eigennamn og ikkje det eg vurderer som eit komplekst subjekt (LRH 1995: 221):

(12) And when it's over, off *will go* **Clay** (...) [R. Kogan, "Andrew Dice Clay Isn't Worth 'SNL' Flap," 4] (7b)

Det er vanleg å gå ut ifrå at eigennamn har større trykk og dermed er meir fonologisk komplekse enn pronomen,¹⁵ så ei mogleg forklaring kan vere at restriksjonen må sjåast i samband med fonologiske aspekt. I alle høve krevst det visse modifikasjonar når det gjeld restriksjonen om hjelpeverb.

Ein tredje restriksjon som Svartvik og Sager (1977) trekkjer fram, er at verbet ikkje kan vere direkte modifisert av eit adverbial eller eit anna komplement. Jamfør desse døma henta frå Bresnan (1994: 77-8), der verbalet er markert:

(13) a. *Among the guests *was knitting* my friend Rose. (10b)

b. *Onto the ground *had spit* a few sailors. (11b)

c. *On the corner *smoked* a woman. (14b)

¹⁴ Svartvik og Sager (1977: 413) trekkjer også fram at ein kan få inversjon ved passiv når verbet skildrar tilstand og subjektet er relativt tungt. Dei presiserer såleis at passiv-konstruksjonen kan ha både ein invertert og ein ikkje-invertert variant, under visse forhold.

¹⁵ Sjå mellom anna diskusjonen om svake pronomen i Holmberg og Platzack (1995: 154).

Felles for desse setningane er at det er sjølve verbhandlinga som blir skildra av det lokative adverbialet: I (13a) er det *strikinga* som finn stad blant vennane, i (13b) får *spyttet* eigenskapen av å kome på bakken, medan det i (13c) er *røykinga* som skjer på hjørnet. For at lokativ inversjon skal oppstå, er det derimot *subjektet* som må få eigenskapen som PPen viser til. Jf. versjonane under:

- (14) a. Among the guests *was* my friend Rose.
- b. Onto the ground *fell* a few sailors.
- c. On the corner *stood* a woman.

I desse døma er verbet bytt ut slik at *subjektet* blir skildra av argumentet: *Rose* har eigenskapen av å vere blant gjestane i setning (14a), *seglarane* har eigenskapen av å vere på bakken i (14b) og *dama* er på hjørnet i (14c). Dermed får vi eit subjekt-predikat-forhold mellom subjektet og det lokative adverbialet, som er naudsynt for at ein lokativ inversjon-konstruksjon skal oppstå.¹⁶

2.2.3 Kva type verb finn vi i konstruksjonen?

2.2.3.1 Semantiske forhold

Innanfor tradisjonell grammatikk trekkjer Svartvik and Sager (1977) vidare fram at verba i lokativ inversjon-konstruksjonen må vere spesielle verb som *be*, *appear*, *depend*, *lie*, *live*, *rise*, *stand*, *come*, *get*, og *fall*. Dette er verb som uttrykkjer eksistens.¹⁷ Jamfør døma henta frå litteratur, presentert i LRH (1995: 220-1):

- (15) a. Over her shoulder *appeared* the head of Jenny's mother.
[M.Spark, *The Prime of Miss Jean Brodie* K, 27] (5a)

¹⁶ Denne generaliseringa vart først formulert for lokativ inversjon i engelsk av Levin (1985). Sjå også Hoekstra og Mulder (1990) og Coopmans (1989).

¹⁷ LRH (1995: 220) klassifiserer dei inergative verba etter semantiske eigenskapar og drøftar verba i konstruksjonen i ei meir nyansert inndeling og i større detalj enn eg har gjort her. For ei framstilling av denne inndelinga sjå *vedlegg A* i LRH (1995).

b. ...out of the house *came* a tiny old lady and three or four enormous people...

[L.Bromfield, *The Farm*, 1] (7a)

c. Above the bed *hang* two faded prints of men playing polo [S. Cheever, *Elizabeth*

Cole, 70] (8c)

Felles for desse verba; *appear*, *came*, *hang*, er altså at dei uttrykkjer eksistens, og at dei fungerer som kopula-verb som bind saman subjektet og den lokative PPen i setningane. Eit viktig trekk ved kopula-verb er at dei ikkje har nokon semantisk verdi, og LRH (1995) peikar på dette som eit sentralt trekk ved verba i lokativ inversjon-konstruksjonen: Verba skal ikkje vere innhaldstunge og på denne måten introdusere ny informasjon i setninga. Jamfør (15c), der verbet *henge* ikkje gir noko meir informasjon om subjektet utover at bildet eksisterer på veggen. Dermed kunne ein enkelt ha byta ut verbalet med *å vere* utan at meiningsinnhaldet hadde endra seg, og då kjem det heller ikkje som noko overrasking at *to be* er det mest frekvente verbet i konstruksjonen.

2.2.3.2 Argumentstruktur

Verbtypar

I tradisjonelle grammatikkar er det i følgje Beth Levin og Malka Rappaport Hovav (1995) trekt fram at verba i lokativ inversjons-konstruksjonen må vere intransitive. Ved intransitive verb er lokaliseringa av *subjektet* sett som vilkår, medan det ved transitive verb er lokaliseringa av *objektet* som er sett som vilkår. Med omsyn til den tredje restriksjonen hos Svartvik og Sager (1977), nemleg eit obligatorisk subjekt-predikat-forholdet, kan lokativ inversjon berre oppstå ved intransitive verb.

Enda meir slåande er det at dei verba ein som oftast finn i konstruksjonen, som *come*, *go* og *appear*, er prototypiske ergative verb. I tillegg trekkjer LRH (1995) fram at passive transitive verb, som *seat*, *find* og *place*, er vanleg å finne i konstruksjonen. I motsetnad fungerer ikkje den aktive forma av desse verba. Basert på dette har LRH (1995) avgrensa lokativ inversjon-konstruksjonen til dei verba som manglar eit eksternt argument; altså ergative og passive verb.

Det er likevel visse problematiske aspekt knytt til ein slik klassifikasjon. For det første passar ikkje alle ergative og passive verb inn i konstruksjonen, og ein må difor kombinere dette med semantiske forhold (sjå del 2.2.3.1). Å vere passiv eller ergativ er difor ikkje tilstrekkelig i seg

sjølv. I tillegg finn vi inergative verb i konstruksjonen, og nokre underkategoriar av denne verbtypen er til og med frekvente i konstruksjonen (jf. Hoekstra og Mulder 1990). Det er difor ikkje tilfredsstillande å forklare desse som unntak.

Forskarar har kome med ulike forklaringar på kvifor ein finn inergative verb i lokativ inversjon-konstruksjonen. Hoekstra og Mulder (1990) hevdar at desse verba kan vere av to typar; ein ergativ og ein inergativ analyse. LRH (1995) støttar seg derimot på Rochemont og Culicover (1990) som avviser at det er ein ergativ konstruksjon, og hevdar vidare for at det er visse eigenskapar ved ergative verb som gjer at dei passar inn i lokativ inversjon-konstruksjonen. LRH (1995) trekkjer fram at mange ergative og passive verb skildrar eksistens og såleis ikkje gir noko ny informasjon til setninga. Av den grunn meiner dei at kontekstuelle forhold tillét ein stor del av desse verba.

I analysen (4.2.3) vil eg kome tilbake til diskusjonen om kva verb som inngår i konstruksjonen – då frå ein syntaktisk ståstad og med utgangspunkt i ein ergativ analyse av fenomenet. Enn så lenge vil eg halde meg til dei typiske verba som er lista opp i *vedlegg B* i LRH (1995), som inneheld om lag 250 intransitive og 130 passive verb.

Ergativitet

I analysen (4.2) vil eg drøfte korleis lokativ inversjon bør analyserast, og som bakgrunn for dette vil eg her utforske det syntaktiske fenomenet *ergativitet*. Sjå dei tre setningane under:

(16) a. Guten *song*.

b. Snøen *smelta*.

c. Guten *smelta* snøen.


Medan transitive verb tilordnar både ei ekstern og ei intern rolle, tek intransitive verb berre eitt argument. *Synge* i (16a) og *smelte* i (16b) blir begge rekna for å vere intransitive verb. Dei to verba høyrer likevel til to ulike underkategoriar, då intransitive verb blir delt inn i *ergative* og *inergative* med bakgrunn i argumentstruktur.¹⁸ Dei inergative verba tilordnar ei *ekstern*

¹⁸ Denne kategoriseringa blir kalla *ergativhypotesen* og har oppstått med bakgrunn i arbeidet til David Perlmutter (1978).

Theta-rolle, medan ergativer tilordnar ei *intern* Theta-rolle og manglar dermed den eksterne rolla. *Synge* i (16a) blir slik døme på eit inergativt verb, medan *smelte* i (16b) er døme på eit ergativt verb.

Vi finn likevel ein likskap mellom ergative og transitive verb når det gjeld korleis argumenta blir påverka av verbalet. Sjølv om DPen i setning (16b) står i subjektsposisjonen, kan ikkje [snøen] bli rekna som den som forårsakar smeltinga (agens). Derimot blir subjektet rekna for å vere det som blir påverka av smeltinga (patiens). I (16c) finn vi den transitive ekvivalenten til *smelte* i (16b), og ved å samanlikne desse setningane ser vi at DPen er påverka på same måte i dei to setningane, altså som patiens. Dette på tross av at DPen fungerer som subjekt i (16b) og objekt i (16c). Grunnen til at subjektet til ergative verb liknar på objekt, er at ein reknar ergativsubjektet som eit opphavleg objekt som blir løfta opp i løpet av derivasjonen. Vurder framstillinga av setning (16b) under, her utan C-projeksjon:

(17)



Her ser vi at objektet [snøen] har flytta frå objekts- til subjektsposisjon, med vidare flytting til [Spes, CP] i ein full projeksjon. Denne likskapen mellom mellom ergative og transitive verb blir enda tydelegare om ein set ei transitiv setning i passiv form. Sjå dømet av den passive ekvivalenten til setning (16c):

(18) Snøen har vorte smelta av guten.

Passive verb blir i likskap med ergative verb kjenneteikna ved at dei har ei intern og manglar ei ekstern Theta-rolle i djupstrukturen.¹⁹ Det som utgjer objektet i den aktive setninga (her:

¹⁹ Når ein gjer ei aktiv setning om til passiv, er det viktig å spesifisere at ein ikkje reknar med at den eksterne Theta-rolla blir fjerna. Derimot blir den eksterne Theta-rolla som verbet har i passiv, tilordna internt i

snøen) blir difor rekna for å ha vorte flytta til subjekts plass i den passive versjonen av setninga. Denne prosessen kjenner vi att frå ergative verb i døme (17), der objektet i setninga står i subjektsposisjon.

Det er to måtar å teste om eit verb er ergativt på. For det første kan ein teste om det fungerer i ei presenteringssetning, og for den andre om det kan danne passiv. Vi prøver med verbet *å bu*:

(19) a. I huset *budde* ein gammel mann.

b. Det *budde* ein gammel mann i huset.

c. *Ein gammel mann *har vorte budd* i huset.

Ergative verb kan danne presenteringssetningar med formelt subjekt som i (19b), ettersom denne typen setningar berre kan bli danna med verb som *ikkje* har ekstern Theta-rolle. Derimot kan ikkje ergative verb danne passiv, ettersom ein treng ei ekstern Theta-rolle for å danne passivkonstruksjonen. Som vi ser i (19c), fungerer ikkje verbet i passivkonstruksjonen, men det kan danne ei presenteringssetning som (19b), og vi kan dermed konkludere med at *å bu* er eit ergativt verb.²⁰

2.3 Generelle teoriar om andrespråkstileigning

Det som definerer dei ulike teoriane om andrespråkutvikling, er tilgangen til universalgrammatikken (UG) og graden av transfer frå morsmålet. Dei hypotesane som er vanleg å referere til i høve syntaktisk utvikling i andrespråk, skil seg først og fremst frå kvarandre i synet på starttilstanden til innlæraren. Her vil eg kort presentere to hypotesar som representerer grunnleggande retningar, *Hypotesen om full transfer og full aksess* og *Minimale*

passivversjonen av verbet gjennom PASS. PASS fungerer slik som eit implisitt argument – eit argument som er semantisk til stades, sjølv om det ikkje er syntaktisk realisert. Sjå Åfarli (1992) for ei grundigare framstilling av passivkonstruksjonen.

²⁰ I ein slik test er det mange verb som ville gitt ulike svar på om dei har ekstern Theta-rolle eller ikkje, og til dømes fungert både i presentering og i passiv. Dersom vi til dømes hadde testa det ergative verbet *å smelte*, som vart brukt som i døme (16b), hadde ikkje resultat samsvara like godt med forventningane. *Smelte* blir nemleg antatt å ha ein transitiv ekvivalent, som vist i (16c), og det kan dermed fungere i passiv, som vist i (18). Det vi oppfattar som eitt verb, *å smelte*, kan slik argumenterast for å vere to ulike verb med ulike argumentsstrukturar, eller eitt verb som opptre i ulike variantar.

tre-hypotesen, før eg presenterer ein tredje hypotese av Hawkins (2001), *Hypotesen om modulert strukturbygging*, som seinare har vorte modifisert til *Hypotesen om manglande funksjonelle trekk*.²¹ Som vi skal sjå, byggjer Hawkins' hypotese på dei to føregåande teoriene. Både Hawkins' hypotese og hypotesen om full transfer og full aksess er særleg utbreidd i generativ andrespråksforskning, og dei fleste seinare teoriar tek omsyn til desse modellane (Eide 2015).

2.3.1 Hypotesen om full transfer og full aksess²²

Hypotesen om full transfer og full aksess inneber ein starttilstand definert av morsmålsgrammatikken. Etter kvart som innlæraren utviklar mellomspråket, blir mellomspråksgrammatikken utvikla med full tilgang til UG. Det vil mellom anna seie at ein også har tilgang til dei parameterane som ikkje er tilgjengeleg gjennom førstespråket. Det vil naturleg nok vere stor forskjell i kor lang tid innlæraren brukar på å restrukturere dei mentale syntaktiske representasjonane, og dermed kor synleg morsmålsgrammatikken blir i mellomspråket. Likevel har alle S2-innlærarar i følgje teorien den same tilgangen til både morsmålet og UG.

2.3.2 Minimale tre-hypotesen²³

Minimale tre-hypotesen reknar med ein starttilstand der VP-stadiet er til stades, medan dei funksjonelle projeksjonane (TP og CP) kjem gradvis på plass seinare i utviklinga. Dermed har ein berre overføring av leksikalske projeksjonar frå morsmålet, medan dei funksjonelle projeksjonane blir lært gjennom UG og innputt frå målspråket. Hypotesen reknar altså med at overføring frå morsmålet ikkje gjer seg gjeldande i dei funksjonelle projeksjonane.

2.3.3 Hypotesen om modulert strukturbygging

Ingen av desse hypotesane kunne gi ei fullverdig forklaring på funna Hawkins gjorde i ein studie av andrespråkstutvikling, med utgangspunkt i verbrelatert morfologi i engelsk (2001: 82). VP-fasen som innlærarane var påstått å gå gjennom, var predikert av *minimale tre-hypotesen*, men i studiane til Hawkins verka det i tillegg å finnast overføring frå førstespråket i innlæringa av TP-projeksjonen. Observasjonane hans var at spanske informantar tileigna seg kopulaverbet *to be* tidlegare enn dei japanske. I tillegg var dei betre på samsvar mellom subjekt og verbal enn på fortidsformer av verbet, medan dei japanske språkbrukarane såg på

²¹ Denne teorien går også under namnet *Hypotesen om mangelfulle representasjonar*.

²² Hypotesen vart først formulert i Schwartz og Sprouse (1996).

²³ Hypotesen vart foreslått i Vainikka og Young-Scholten (1994).

dei to strukturane som like krevjande. Basert på desse funna hevda Hawkins at overføring frå spansk må ha gjort seg gjeldande også i den funksjonelle projeksjonen (TP). Grunnen til dette er altså at kongruens går føre seg i den funksjonelle projeksjonane, og ettersom det var skilnad på dei japanske og spanske innlærarane, må det skuldast at den eine gruppa hadde med seg noko frå førstespråket som den andre ikkje hadde.

Mellom anna på bakgrunn av dette utarbeida Hawkins (2001) ein tredje hypotese, som opnar for overføring av funksjonelle strukturar. Hawkins' *hypotese om modulert strukturbygging* kombinerer hypotesen om *minimale tre* og hypotesen om *full transfer og full aksess*. I likskap med *minimale tre-hypotesen* reknar teorien til Hawkins med at starttilstanden inneheld leksikalske projeksjonar (VP, NP, AP og PP) med dei same strukturane som morsmålet. I likskap med *full transfer-teorien*, seier Hawkins' hypotese at det kan vere ein særskilt rask overgang frå det leksikalske til det funksjonelle stadiet, og at det difor kan vere vanskeleg å oppdage den opphavlege overføringa gjennom datainnsamling. Likevel antek hypotesen at overføring frå morsmålet gjer seg gjeldande både i det leksikalske VP-stadiet, som utgjer starttilstanden, og i dei seinare tileigna strukturane, det vil seie dei funksjonelle TP- og CP-projeksjonane.

Sentralt i *hypotesen om modulert strukturbygging* er at tileigninga av dei avanserte projeksjonane skjer gradvis, og at overføringa frå morsmålet skjer i dei *relevante* strukturane; altså dei strukturane som er utvikla hos innlæraren. Dermed vil ikkje morsmålsstrukturane i til dømes CP-stadiet gjere seg gjeldande i mellomspråksproduksjonen til ein innlærer som er på VP-stadiet.

Hypotesen om modulert strukturbygging har seinare vorte utvikla til *hypotesen om manglande funksjonelle trekk*.²⁴ Det som i hovudsak skil denne hypotesen frå den tidlegare versjonen, er at dei funksjonelle projeksjonane ikkje lenger blir rekna for å mangle på det første stadiet i andrespråksinnlæringa. Derimot reknar ein med at *eigenskapar* ved dei funksjonelle projeksjonane kan mangle eller avvike frå målspråket – det vil seie funksjonelle trekk som tempusformer eller subjekt-verb-kongruens, dersom målspråket har dette. Desse teoriane inneber altså ikkje eit like strikt skilje mellom til dømes eit VP- og eit CP-stadium i innlæringa som tidlegare teoriar, då det opnar for at funksjonelle trekk ved målspråket også kan bli overført frå morsmålet, eller ikkje blir utvikla hos andrespråksinnlæraren i det heile.

²⁴ Denne hypotesen vart først foreslått av Hawkins og Chan (1997) og går under namnet *Failed Functional Features hypothesis* (FFFH). Hypotesen blir diskutert i kapittel 6 i *Norsk andrespråkssyntaks* (Eide 2015).

Hypotesen antek vidare at somme trekk ikkje kan omstillast frå førstespråket, og resultatet av dette er at mellomspråket til ein vaksen andrespråksinnlærer aldri vi bli heilt identisk med ein språket til ein morsmålsbrukar. I staden har innlæraren overført strukturar frå førstespråket som på overflata kan likne på målspråket. Denne hypotesen skil seg slik frå *full transfer*, *full aksess* som seier at det er i prinsippet er mogleg å oppnå fullstendig versjonar av alle strukturane i morsmålet.²⁵

2.3.4 Bohnacker (2006): Transfer og S3-innlæring

Bohnacker (2006) argumenterer for full transfer av både leksikalske og funksjonelle projeksjonar. I undersøkinga av ei gruppe svenske innlærarar av tysk, oppdaga Bohnacker (2006) at det var ein samheng mellom graden av V2 i målspråket og *alle* språka innlæraren kunne frå før. Dei svenskespråklege innlærarane som hadde engelsk som S2, hadde nemleg påfallande lågare grad av korrekt bruk av V2 enn dei svenskspråklege som *ikkje* kunne engelsk frå før.²⁶ Bohnacker peikar på at både svensk og tysk er V2-språk, medan engelsk ikkje er det, og at den internaliserte engelskkunnskapen difor var med på å forstyrre innlæringa av V2. Derimot verkar kunnskap frå morsmålet å lette innlæringa av V2 i målspråket. Sidan V2 høyrer til blant dei funksjonelle projeksjonane, er dette ein sterk indikator på full transfer av alle projeksjonsnivå. Basert på undersøkinga konkluderte Bohnacker vidare med at alle språk innlæraren kan frå før, påverkar innlæringa av eit nytt språk.

²⁵ White et al. (2004) er blant forskarane som argumenterer for og slik representerer *full transfer*, *full aksess-hypotesen* i «duellen» mellom desse retningane.

²⁶ Dei som ikkje hadde engelsk som S2, viste 100% korrekt bruk etter berre fire månader, medan dei svenskespråklege innlærarane som hadde engelsk som S2, viste 45% brot på V2-kravet. Dette gjeld munnleg bruk av V2 i setningar med tematisering av andre ledd enn subjektet.

3 Empiri

Som empirisk grunnlag for analysen i denne oppgåva vil eg teste om engelsk syntaks får innverknad på dei norske setningane N2-innlærarane produserer. Eg har difor gjennomført ein informanttest med utgangspunkt i den overordna hypotesen:

For innlærarar av norsk med engelsk som morsmål er det lettare å meistre V2 ved norske ekvivalenter til typiske lokative inversjonsstrukturar i engelsk.

I denne delen vil eg presentere testdesign både med omsyn til val av informantar og utforminga av sjølve testbatteriet (3.1), og gi ei framstilling av tre sentrale metodologiske omgrep; reliabilitet, validitet og falsifisering, samt drøfte aktuelle strategiar for å validere egne funn (3.2). I del 3.3 vil eg skildre gjennomføringa av informanttesten, før eg i del 3.4 presenterer resultatet frå informanttesten.

3.1 Design

3.1.1 Prosedyrar for datainnsamling

Det finst ulike prosedyrar for datainnsamling i generativ språkforskning, og Chaudron (2003:764) presenterer tre hovudtypar: naturalistiske, eksperimentelle og prosedyrar for framkalla produksjon.²⁷ Eksperimentelle prosedyrar er dei vanlegaste metodane innanfor generativ grammatikk, og i desse prosedyrane gjer forskaren seg synleg i prosessen.

Eksperimentelle forsøk er altså kontrollerte og dermed designa for å undersøkje spesifikke problemstillingar (Chaudron 2003: 784). Metoden som blir nytta i denne masteroppgåva, går under eksperimentell metode, og meir spesifikt har eg valt spørjeskjema. Hovudgrunnen til dette er at spørjeskjemaet opnar for å forske på lokativ inversjon-konstruksjonen sjølv om han er relativt lite utbreidd.

Det er ønskeleg for meg å ha kontroll på kva som blir det første setningsleddet i desse setningane, og ein formålstenleg metode er difor såkalla *sentence completion*, som inneber å la informanten fullføre setningar og såleis ein viss grad av setningsproduksjon (Chaudron

²⁷ *Naturalistisk prosedyre* er ein type ikkje-eksperimentell studie som skjer i naturlege situasjonar, og slike data blir då oftast samla gjennom observasjonar og samtalar. *Prosedyrar for framkalla produksjon* har større grad forskarstyring og kan vere til dømes målretta intervju og gjenforteljing av ei historie (Chaudron, 2003: 764).

2003: 796). Vidare er det naudsynt å velje ut verba som skal stå i dei ulike setningskonstruksjonane, for å kunne samanlikne lokative inversjonsverb med verb som ikkje tek lokativ inversjon. Slik vil ein kunne vurdere om det er enklare for innlæraren å meistre dei norske setningane som har engelske ekvivalentar med lokativ inversjon, og dermed V2, betre enn dei *utan* lokativ inversjon. Sidan dei same verba kan ha ulike argumentstrukturar, blir det naudsynt å kontrollere alle ledda i setningane og slik sikre at spesifikke argumentsstrukturar blir nytta i setningane.

3.1.2 Informantutval

Det er mange omsyn å ta i val av informantar. Først er det eit spørsmål om storleik: Kor mange forskingsobjekt og kor mykje data treng ein for å kunne trekke generelle slutningar? Det er inga allmenn semje blant forskarane om dette, men eit aspekt i diskusjonen som impliserer at ein bør ha ein viss storleik på gruppa, er individuelle forskjellar med omsyn til lingvistisk kompetanse. Schütze (1996) trekkjer fram at dei relevante ulikskapane er resultat av både medfødde eigenskapar som kjønn og alder, og erfaring som utdanning og skrivedugleik. I tillegg er det for informanttesten sin del snakk om tilgjenge og eit krav om engelsk som morsmål. Basert på dette vart det sikta mot kandidatane frå norskkurset ved universitetet med engelsk som morsmål.

Ni informantar har gjennomført testen, og alle desse går på norskkurset ved NTNU. «Norsk for utlendinger» består av trinndelte kurs frå nivå 1 til 4, og blant informantane for denne oppgåva er fem knytt til nivå 1 (n1), tre er frå nivå 2 (n2), og éin informant er frå nivå 3 (n3). Kurs 1 har oppstart i januar og studentane hadde dermed gått på kurset i 2mnd då testen vart gjennomført, kurs 2 har oppstart i august har dermed pågått i 7mnd, og informanten på kurs 3 har hatt norskopplæring i 12mnd. Det er dermed eit visst spekter i tid på opplæringa og forventa nivå, men alle er i ei relativt tidleg fase i innlæringa.

Ni informantar er relativt få, og med eit slikt tal vil det vere avgrensa kor generelle resultat ein kan trekkje ut ifrå undersøkinga. Dersom det hadde vore eit større omfang på oppgåva, hadde det difor vore ønskeleg å oppsøkje fleire norskkurs, samt informantar som lærer seg norsk utan å ha deltatt på noko kurs. Talet på informantar er difor eit viktig omsyn å ta i vurderinga av kor generelle data mine blir.

3.1.3 Testbatteri

Informanttesten er delt inn i tre delar: informasjon om testen i del 1, spørsmål om personalia og språkkunnskapar i del 2 og sjølve testbatteriet i del 3 (sjå vedlegg 1). I del 3 av spørjeskjemaet har eg sett opp 36 norske setningar med tematisert adverbial eller objekt, og bede informantane om å fullføre setninga ved å plassere dei to etterfølgande setningsledda i den rekkjefølgja dei meiner er mest naturleg. Desse var oppgitt i ein tekstboks i enden av setninga. Under er setning 1 frå informanttesten, som inneheld eit ergativt verb:

1. I hjørnet _____ .

[det store arbeidsbordet]
[stod]

I setningane er det tatt i bruke tre ulike verbtypar; ergative, inergative og transitive verb. Blant dei ergative verba er det valt ut verb som opptrer frekvent i lokativ inversjon-konstruksjonen, og eg sørga for at setninga passar inn i restriksjonane for konstruksjonen (sjå del 2.2). I tillegg til at konstruksjonen krev ein viss type verb, er det krav om tematisering av lokative adverbial, at subjektet er meir kompleks enn verbalet, samt ein type subjekt – predikat-forhold mellom adverbialaet og subjektet.

Den andre kategorien er inergative verb, som generelt blir antatt å ikkje gå så lett med lokativ inversjon. I desse setningane blir det først og fremst tematisert lokative adverbial, i tillegg til nokre tidsadverbial.

Den tredje kategorien er transitive verb, som ikkje går saman med lokativ inversjon, med anna verba står i passiv. I tillegg skil setningane med transitive verb seg frå dei to andre kategoriane ved at objektet blir tematisert.

Det er ikkje tatt i bruk såkalla «*fillers*» i denne oppgåva, av fleire grunnar. For å få eit tydeleg resultat, verka 12 setningar av kvar verbtype som eit rimeleg tal, og med *fillers* i tillegg hadde testen blitt ein del lengre. Både for at terskelen for å melde seg til å delta skal bli låg, og at informantane skal vere konsentrert om oppgåvene gjennom heile testen, meiner eg at testen ikkje burde innehalde meir enn 36 setningar. Sidan det er tatt i bruk tre verbtypar, som vidare

gir ulike tematiserte adverbial, meiner eg dessutan at intensjonen med oppgåva ikkje kom så klart fram og at det dermed fungerer utan *fillers*.

Til slutt i informanttesten er det gitt rom for kommentarar. Dette blir det opplyst om i starten av del 3 – Tasks. I denne opplysningsdelen blir det også spesifisert at informantane skal bruke intuisjonen sin, og prøve å unngå å bruke reglar dei har lært i undervisninga.

3.2 Metodologiske forhold i andrespråksforskning

3.2.1 Sentrale metodologiske aspekt

For å framskaffe generaliserbare data er *reliabilitet* og *validitet* i val og utforminga av metoden naudsynt. Ei *reliabel* undersøking gir dei same resultatata ved gjentaking, føreset at ein inkluderer dei same informantane, under dei same vilkåra (Chaudron 2003; Crocker & Algina 1986). På denne måten gir reliabilitet moglegheit for å etterprøve undersøkinga, som vidare er med på å gi validitet til forskinga. *Validitet* inneber moglegheita for å generalisere resultatata og samanlikne dei med analyser frå andre undersøkingar innan same fagområde.

Nært knytt til validitet i forskinga er Karl Popper sin påstand om at hypotesar må kunne *falsifiserast*; det vil seie at ein prinsipielt må kunne vise at hypotesen er *usann* gjennom testing. Dersom hypotesen ikkje kan testast, kan den følgjeleg ikkje reknast som fullt ut vitskapleg. Han meinte vidare at den beste hypotesen er den som er enklast å falsifisere (Popper 1963). Hypotesen i denne masteroppgåva er dermed formulert som ein påstand som er mogleg å motbevise gjennom informanttesten.

Ein må altså sørgje for å sitte igjen med valide *data* for å oppnå valide *teoriar*, og da er ein heilt avhengig av å ha en pålitleg datainnsamlingsprosess. I neste del (3.2.2) vil eg presentere og drøfte kva omsyn som er teke for å gjere undersøkinga mest mogleg reliabel.

3.2.2 Strategiar for å validere funn

Informantutval

Medvit om dei faktorane som kan påverke resultatet, og ei synleggjering av dette i presentasjonen av data, vil i følgje Schütze (1996) bidra til ei tydelegare og meir systematisk undersøking. For å synleggjere individuelle faktorar inneheld testbatteriet eit skjema der

informanten fyller ut personalia om alder og kjønn, samt informasjon om språkleg bakgrunn og kompetanse (sjå vedlegg 1). Dette gir moglegheit for å utforske resultatane med bakgrunn i desse faktorane.

Ein sentral fellesnemnar for den utvalde informantgruppa er at dei er tilknytt universitet og har fått ei viss mengd opplæring i norsk. Dermed har informantane ein lingvistiske ballast som dei tek med seg frå studiar og arbeid med språk. Mange meiner at metalingvistisk kompetanse svekkar validiteten i forskinga, og desto viktigare blir det difor å ta omsyn til desse faktorane når ein vurderer i kva grad resultatane gir uttrykk for ein generell trend.

Sjølv om det vart relativt få informantar, valde eg å unngå dei tilsette på instituttet, då ein kan rekne med at den metalingvistiske kunnskapen og innsikt i forskingsmetode vi vere enda høgare hos dei, og dermed noko problematisk.

Utforming av testen

I ein testsituasjon kan kompetansen andrespråksbrukaren gir uttrykk for, vere ein annan enn kompetansen han viser under meir naturlege omstende (Chaudron 2003: 784). Eit viktig poeng i utforminga av testen blir difor å få fram intuisjonen til informantane i størst mogleg grad. Å minimere desse forskjellane er ei utfordring, og spesielt problematisk er dette når forskinga er basert på studentar ved universitetet som har medvit om grammatiske strukturar både frå tidlegare språklæring og frå norskkurset på NTNU. I denne masteroppgåva vil det vere eit mål å unngå at medvit om V2-regelen blir utgangspunktet for vurdering av plassering av setningsledda. Eitt av grepa som er gjort for å gjere intuisjonen til den rådande faktoren, er å oppfordre informantane til å velje den rekkjefølgja på setningsledda som dei meiner er mest naturleg, samt spesifisere at dei ikkje skal ta i bruk grammatiske reglar lært på norskkurs eller andre hjelpemiddel.

Ein annan strategi som er foreslått med omsyn til metalingvistikken si rolle, er å gi begrensa tid (Schütze 1996). I høve eigen test er det av praktiske grunnar ikkje gitt ei slik tidsavgrensing, og informantane vil difor ha moglegheit til å bruke god tid på oppgåvene og vurdere dei opp mot kvarandre. Difor blir det viktig å prøve å unngå ei avsløring av intensjonen til forskinga, og i den samanhengen er det nytta *pseudotilfeldig* plassering av testsetningane. Det vil seie at dei er organisert slik at rekkjefølgja verkar tilfeldig for informantane. I realiteten er setningane sett opp mest mogleg blanda ut ifrå verbtype og andre variasjonsfaktorar i setninga. Vidare er boksene med setningsledda med på å gi eit inntrykk av tilfeldig plassering av setningsledda. Ved lineær plassering av ledda les ein dei i ei gitt

rekkefølge, og det er lett å plassere dei i same rekkefølge i skjemaet. Med eit bokssystem er ikkje denne rekkefølga like sjølvstøtt, og plasseringa vil variere både utifrå horisontale og vertikale forhold.

For å gjere setningane mest mogleg samanliknbare, er det like mange testsetningar innanfor kvar verbtype, og innanfor kvar av desse tolv er det like mange bestemte og ubestemte former av subjektet. Grunna restriksjonar for lokativ inversjon-konstruksjonen, inneheld dessutan ingen av setningane personleg pronomen, og det er brukt flest mogleg lokative adverbial også ved setningar med inergative verb.

Eit anna sentralt poeng for å gi reliabilitet i utforminga av testbatteriet, er å sørge for at setningane er forstålege for informantane. Dette blir spesielt viktig då testen skal gjennomførast utan støtte frå lærar eller forskar, sidan ei feil omsetjing av ord kan føre til at setninga får ein annan argumentstruktur. Ordforrådet i testen er difor knytt til skule, frekvente ord og uttrykk, samt engelske lånord. I tillegg har setningane enkel setningsstruktur, både for å gjere vurderinga av plassering av subjekt og verbal enklare for informanten, samt gjere setningane meir samanliknbare.

Å gjennomføre testen på nytt ved seinare høve kan også vere ein god måte å validere testen. Det å vere etterprøvbar er ein del av definisjonen på *validitet*, men Johannessen (2003: 139) trekkjer fram dette som eit av dei sentrale problematiske forholda i forskinga. Ho peikar på at informantane ikkje har dei nøyaktig same språklege intuisjonane når dei eventuelt blir testa på nytt, og spesielt gjeld det i forskning på språktilegning der ein vil vente at dei har utvikla seg. Likevel kan moglegheita for etterprøving vere ein god målestokk på om metoden er tydeleg presentert, og er difor nyttig å ta omsyn til i framstillinga av forskingsmetoden.

3.3 Gjennomføring

Informanttesten vart delt ut til lærarar på dei tre ulike kursa «Norsk for utlendinger», då dei hadde samtykka i å gi dei vidare til dei ni aktuelle studentane. Lærarane vart bedne om å gi munnlege instruksar om at informantane skulle bruke eigen intuisjon og prøve å unngå å nytte reglar dei har lært, samt andre hjelpemiddel. Testen vart utlevert i undervisningstida løpet av første veka i mars, og informantane tok med seg testen heim. Dermed føregjekk dette utanom undervisningstida, og informantane vart bedne om å levere svaret til lærar innan eit par dagar.

Grunnen til at informantane fekk med seg testen heim, var at det ikkje skulle oppta undervisningstid når denne i utgangspunktet er såpass avgrensa. Å gjennomføre informanttesten utanom undervisningstid er likevel ikkje uproblematisk. Dette fører ein mindre kontrollert situasjon og dei får høve til å tenke seg godt om, samt oppsøke hjelpemiddel eller be om hjelp av andre. Tydelege instruksar om at dei skal bruke eigen intuisjon, vart difor viktig.

3.4 Resultat

I denne delen vil eg presentere resultatane frå informanttesten og setje dei i samanheng med forskingsspørsmålet. I tillegg til dei diagramma og tabellane som blir presentert i teksten, er resultatane framstilt i *vedlegg 2* og *3*.

I informanttesten vart N2-innlærarar med engelsk som morsmål bedne om å fylle inn subjekt og verbal i setningar med ergative, inergative og transitive verbal. Dei 12 setningane med ergative verb oppfyller krava for lokativ inversjons-konstruksjonen, og fungerer på denne måten som norske ekvivalenter til typiske LI-strukturar i engelsk. Lat oss no rekapitulere hypotesen for denne testen:

- *Innlærarar av norsk med engelsk som S1 har lettare for V2 ved norske ekvivalenter til typiske lokative inversjonsstrukturar.*

Sidan ergative verb er prototypiske for LI-konstruksjonen, inneber denne hypotesen at

- *Informantane har lettare for V2 i setningar med ergativ verb enn ved inergative og transitive verb, så fram dei ergative verba er sett inn i ein LI-konstruksjon.*

Eit kjenneteikn ved lokativ inversjon-konstruksjonen er at verbalet står på andre plass i setninga, i likskap med deklarativ hovudsetningar i norsk. Hypotesen om at innlærarar har lettare for V2 i ein struktur som deler denne eigenskapen, går ut ifrå at innlæraren tek med seg kompetanse frå det eine språket til det andre, og at dette lettar innlæringa av grammatiske strukturar der dei stemmer overeins i dei to språka.

Dersom det er færre avvik i setningane med ergative verb enn i setningane med inergative og transitive verb, kan dette altså tyde på at den engelske strukturen på ein eller annan måte har påverka verbplasseringa i dei norske setningane i informanttesten. Avvik vil her spesifikt seie at informantane plasserer subjektet på andre plass i setninga, då alle setningane i testen har V2-krav i norsk. Difor vil eg starte med å presentere det samla resultatet frå informanttesten med fokus på avvik, først presentert som tabell for å få fram talet på setningar og etterfølgjande som diagram for å visualisere resultatata. Sjå *tabell 1* under:

	Ergative	Inergative	Transitive
V	105	82	77
SU	3	26	31
Avvik (%)	2,8%	24,1%	27,8%

Tabell 1: Talet på setningar med høvesvis subjektet og verbalet på andre plass i setninga. Avvik (%) svarer til talet på subjektet på andre plass, og dermed manglande V2 i norsk.

I denne tabellen er det tatt utgangspunkt i resultatata frå alle dei 9 informantane, og dermed utgjer det til saman 108 setningar innanfor kvar verbtype (9 * 12 setningar). Av desse data ser vi at det er 3 avvik blant setningane med ergative verb, medan det er 26 avvik blant dei inergative og 31 avvik blant dei transitive. Dette viser ein generell trend om at innlærarane har større vanskar med korrekt verbplassering (V2) ved transitive og inergative verb, og er slik i tråd med den presenterte hypotesen. Sjå diagrammet under for ei framstilling av trenden.




Diagram 1: Talet på setningar med høvesvis verbalet og subjektet på andre plass i setninga.

I diagrammet ser vi at det er få avvik blant dei ergative, eit større tal blant dei inergative og størst blant dei transitive verba. Det er likevel store forskjellar mellom dei ni informantane, og talet på avvik varierer mellom 0 og 20. Det er difor naudsynt å sjå nærare på resultata frå kvar enkelt informant for å avgjere om dei er i tråd med hypotesen om at lokativ inversjon lettar innlæringa av V2 i dei norske ekvivalentane. Sjå *tabell 2* under:

Informant (i)	i1	i2	i3	i4	i5	i6	i7	i8	i9
Ergative	0	1	0	0	0	0	0	2	0
Inergative	0	0	0	0	10	2	1	10	1
Transitive	0	1	1	5	10	2	1	7	8
Avvik	0	2	1	5	20	4	2	19	9

Tabell 2: Avvik innanfor dei ulike verbtypene basert på individuelle resultat.

Det er fire informantar som har 0-2 avvik (i1, i2, i3 og i7), medan det er to informantar som har avvik på over halvparten av setningane (i5 og i8). Når ein ser det samla talet på avvik i dei inergative og transitive setningane står difor to av informantane (i5 og i8) for over 60% av desse. Om ein ser nærare på kvar enkelt informant, finn vi likevel det same mønsteret som dei samla resultata viser (sjå tabell 2): Både blant dei som har ein låg og dei som har ein høg prosentdel avvik på testen, er avvika generelt konsentrert innanfor setningane med inergative og transitive verb. Slik blir den generelle trenden stadfesta av dei individuelle resultata.

Blant dei ergative verba finn vi derimot berre 3 avvik (i2 og i8). Sjølv om dette viser at resultata ikkje er 100% eintydige, vil eg påstå at dette ikkje er avgjerande for signifikansen til resultata, og dermed ikkje til hinder for å framheve ein tendens. I forskinga er det potensielt mange faktorar som kan verke inn på resultatet, og i del 4.3 blir dei faktorane som er relevante for eiga forskning drøfta.

4 Analyse

I førre kapittel vart resultatata frå informanttesten presentert, og desse viser at innlærarane har større vanskar med korrekt verbplassering ved transitive og inergative verb enn ved ergative verb. Spørsmålet eg vil stille vidare er *kvifor* det er slik, og i dette kapittelet vil eg kome med ei mogleg forklaring i lys av teori om syntaktisk transfer frå morsmålet.

I teorikapittelet vart lokativ inversjon-fenomenet introdusert (2.2), og mellom anna såg vi at konstruksjonen er kjenneteikna ved observerbar V2, i likskap med deklaratve hovudsetningar i norsk. Det er likevel uklart kva som er den underliggjande strukturen for LI, og for å kunne vurdere om den generelle trenden presentert i resultatata (3.4) er som følgje av innlærarane sine internaliserte språkstrukturar, er det naudsynt med ein syntaktisk analyse av fenomenet. I (4.2) vil eg difor drøfte kva analysemodell som skal ligge til grunn for vidare diskusjon av LI.

Dette kapittelet er delt opp i fire hovuddelar: Som bakgrunn for drøftinga vil eg skissere opp korleis inversjon gjer seg gjeldande på ulike språklege plan (4.1). Vidare vil eg ta stilling til syntaktisk analysemodell for LI-konstruksjonen (4.2). Så vil validiteten av resultatata frå informanttesten bli drøfta, for å kunne vurdere om dei er tilstrekkeleg valide for å danne grunnlag for ein hypotese om syntaktisk transfer (4.3). Til slutt vil eg komme med ein hypotese om kva mental prosess som fører til større grad av V2 ved lokative inversjonsverb (4.4).


4.1 Analytisk versus deskriptiv inversjon

I språkforskning kan ein skildre ytringar på eit observasjonelt og eit analytisk plan.²⁸ På det observasjonelle planet ligg fokuset på sjølve ytringa og det ein kan sjå på overflata. Her er det dermed ikkje snakk om å forklare den underliggjande strukturen til ytringa. På det analytiske planet søker ein derimot etter ei forklaring på det ein har observert, og denne underliggjande realiteten i ytringane blir vidare framstilt gjennom ulike representasjonar.

Følgjeleg kan ein behandle V2-fenomenet på eit observasjonelt og eit analytisk plan, og for å skildre skilnaden spesifikt for dette fenomenet vil eg nytte omgrepa analytisk og deskriptiv inversjon. Vurder representasjonen av den norske deklaratve hovudsetninga under:

²⁸ Denne distinksjonen blir grundig behandla under merkelappane *fenomen* og *realitet* i *Grammatikk – kultur eller natur?* (Åfarli 2000: 53-63).

(1)



I denne analysen finn vi døme på strukturell eller *analytisk inversjon*, der V2 er ein underliggjande eigenskap ved setningsstrukturen: Verbet står i C og dermed i andre posisjon i setninga, *uavhengig* av kva som måtte okkupere temaplassen [Spes, CP].

Motsett kan ein ikkje rekne med analytisk V2 for dei engelske deklorative hovudsetningane, då dei ikkje har det same strukturelle V2-kravet (jf. del 2.1):

(2) He *had* cake yesterday.

(3) Yesterday he *had* cake.

I (2) kan vi sjå at verbet står som andre setningsledd i den observerte ytringa, tilsynelatande likt setninga i (1). Sidan ein kan observere V2 på overflata i både setning (1) og (2), seier vi at desse har *deskriptiv V2*. Likevel kan ein ikkje rekne med at engelsk har verbflytting til C og V2 som ein strukturell eigenskap, fordi meir enn eitt ledd kan stå føre det finitte verbalet. Dette kjem klart fram når ein tematiserer adverbialet, som vist i (3). Dermed kan ein seie at både den norske setninga (1) og den engelske setninga (2) har deskriptiv V2, men at denne eigenskapen er eit resultat av to ulike analytiske modellar.


Denne distinksjonen vil eg bruke i utforskinga av kva språkleg nivå vi finn V2 i engelske lokative inversjonssetningar. Før ein kan gi ei slik framstilling, er det naudsynt å drøfte kva syntaktisk analysemodell som gjeld for LI-konstruksjonen.

4.2 Syntaktisk analyse av lokativ inversjon

4.2.1 Verbflyttingsanalyse

Lokativ inversjon-fenomenet viser ein engelsk setningsstruktur med verbalet på andre plass, og får dermed den same leddstillinga som i norsk. Sjølv om engelsk vanlegvis ikkje reknar med verbflytting av leksikalske verb, kan strukturen difor synast å vere eit unntak frå denne regelen. Sjå ein mogleg representasjon av LI-konstruksjonen under.

(4)



I (4) er lokativ inversjon sett inn i ein norsk setningsstruktur for deklorative heilsetningar. Om ein i likskap med norsk antek verbflytting til C i lokativ inversjon i engelsk, blir subjekt-verb-inversjonen gjort greie for. Difor vil eg foreløpig rekne verbflyttingsanalysen som ein mogleg syntaktisk analyse for lokativ inversjon.

4.2.2 Argument mot verbflytting frå ein syntaktisk ståstad

I hovudoppgåva si argumenterer derimot Helene Hauge (1996) mot ein analyse som involverer verbflytting. Ho tek utgangspunkt i Pollock (1989), som meiner det ligg leksikalske restriksjonar til grunn for verbflytting i engelsk: Det er berre hjelpeverb og kopulaverb som kan flytte til T. Leksikalske verb blir derimot tileigna tempus gjennom såkalla affiks-hopping (jf. 2.1.2).

Sidan LI-konstruksjonen likevel har inversjon av subjekt og verbal, legg Hauge (1996) fram ein hypotese om at konstruksjonen er eit unntak frå desse leksikalske restriksjonane i verbflytting. Vidare avviser ho hypotesen gjennom akseptabilitetsvurderingar, der fem informantar med engelsk som morsmål vart bedne om å vurdere eit setningspar med lokativ inversjon. Desse hadde adverbialet *fortunately* plassert høvesvis til høgre og venstre for verbalet (1996: 37, utheving tillagt):

(5) a *Into the room came *fortunately* a bearded man. (21a)

b. Into the room *fortunately* came a bearded man. (21b)

Adverbialet blir i GB-teorien rekna for å vere adjungert til VP i djupstrukturen i engelsk, og dermed til venstre for verbalet (som i 5b). Ved verbflytting kan ein derimot vente at det blir ståande til høgre for verbalet (som i 5a). Ingen av informantane godttok setning (5a), med eit postverbalt adverbial, medan fire av fem godtok ekvivalenten med eit preverbalt adverbial (5b). Dette indikerer at verbet ikkje har flytta.

Hauge (1996) testa fleire setningspar som gav den same generelle trenden, og basert på dette konkluderte ho med at den norske strukturen med verbflytting ikkje er eit alternativ til analyse av LI-konstruksjonen. Følgjeleg er ikkje flytting av leksikalske verb ein struktur som allereie eksisterer i engelsk, og som innlæraren difor har internalisert frå før. Som følge av dette er V2 eit syntaktisk trekk som engelskspråklege må tileigne seg spesifikt for det aktuelle språket. Denne konklusjonen vil eg støtte meg til, då funna til Hauge er tydelege indikatorar på at verbflyttingsanalysen ikkje fungerer for lokativ inversjon.


4.2.3 Ergativ analyse

Derimot har Helene Hauge (1996) foreslått ergativ analyse for lokativ inversjon. Utgangspunktet hennar for å utforske denne syntaktiske analysen var ergativ-hypotesen. Ergativitet kan potensielt forklare inversjonen av subjekt og verbal, då ergative verb blir rekna for å mangle ekstern theta-rolle, og dermed subjekt i djupstrukturen. Som skildra i del 2.2.3 blir subjektet i setningar med ergative verb difor rekna for å ha opphav som objekt, i postverbal posisjon i djupstrukturen. Slik får djupstrukturen til ergative verb den same ikkje-kanoniske


strukturen som lokativ inversjon, og subjektet blir ståande til høgre for verbalet i begge strukturane.

I overflatestrukturen, derimot, poengterer Hauge (1996) at leddstillinga i ergativ analyse og i lokativ inversjon er ulik. I overflatestrukturen i ergativ-setningar har nemleg det opphavlege objektet flytta til subjeksposisjon, og blir ståande til venstre for verbalet. Jamfør ergativanalysen, her i ei forenkla framstillinga utan funksjonelle projeksjonar (jf. figur 5a og 5b i Hauge, 1996: 43):

(6) a.



b.




I (6a) ser vi at ergative verb har eit postverbalt subjekt i djupstrukturen. I overflatestrukturen (6b) står derimot subjektet i ein preverbal posisjon. Det ergative objektet blir altså løfta opp til subjeksposisjon i løpet av derivasjonen. Grunnen til at objektet flyttar til subjeksposisjonen, er at ergative verb blir rekna for å ikkje dele ut akkusativ kasus til objektet i djupstrukturen,²⁹ og som vi veit seier *Kasusfilteret* at alle fonetisk realiserte DPar må ha kasus (jf. 1.3). Vidare peikar Hauge (1996) på at direkte objekt som står i ein kasus-fri posisjon, i følge GB-teorien blir tvinga til å forlate denne posisjonen. Det direkte objektet må difor flytte til ein theta-fri subjeksposisjon. Sidan ergative verb ikkje deler ut ekstern theta-rolle, kan objektet flytte fritt til subjeksposisjonen [Spec, VP], der det blir ståande til venstre for verbalet (som vist i figur (6b)).

På denne måten får vi altså ei leddstilling som ikkje passar overeins med subjekt-inversjonen i lokativ inversjon. Ein må likevel rekne med at den same prosessen gjeld for lokativ inversjon, då kasus-restriksjonane gjeld for begge konstruksjonane. For å gi ei forklaring på den postverbale plasseringa av subjektet i lokativ inversjon, viser Hauge til fenomenet Heavy NP

²⁹ Denne antakinga om at subjeksposisjonen ikkje har theta-rolle dersom, og berre dersom, objektposisjonen ikkje har kasus, er kjend som Burzios generalisering (Burzio 1986).


Shift,³⁰ heretter omtala som ekstraponering. Sjå denne VP-analysen av lokativ inversjon, basert på strukturen i Hauge (1996: 83):

(7)



Som representasjonen viser, har DP vorte høgreadjungert til VP og dermed flytta til høgre. I denne ekstraposisjonen har DPen tilgang til kasus tilordna frå T, sidan T styrer DPen i den adjungerte posisjonen.³¹ Då der ikkje er noko eksternt argument som krev kasus frå T, kan DPen motta denne og slik oppfylle kaskuskravet. Hauge reknar dessutan med at PP-adverbialet flyttar til subjektsposisjonen [Spec, VP] og oppover i strukturen til temaposisjon. Jamfør den fullstendige representasjonen av lokativ inversjon (Hauge, 1996: 83):³²

(8)



³⁰ Ver merknad på at NP her svarer til DP i moderne terminologi.

³¹ For styringsteori sjå Åfarli og Eide (2003).

³² Ver merksam på at «I» i Hauges representasjon (1996) tilsvarer «T».

I GB-teorien er det vanlegvis berre flytting til venstre som er godteke i derivasjonen, men her er det altså snakk om ein ekstraposisjon som er mogleg i engelsk ved komplekse DPar. Med omsyn til restriksjonen om at subjektet må ha ein relativ kompleksitet til verbalet (sjå 2.2.2), samt døma ein finn i litteratur om lokativ inversjon (jf. døma i LRH (1995)), kan ein slå fast at subjekta i LI-konstruksjonen fell under denne kategorien. Så langt stemmer dermed den ergative analysen overeins med LI-konstruksjonen.

Det er likevel eit ytterlegare problematisk aspekt ved ei ergativ analyse; nemleg at ein finn inergative og transitive passive verb i konstruksjonen. Som skildra i del 2.2.3, blir det argumentert for at desse verba ikkje kan reknast som unntak, og LRH (1995) trekkjer fram frekvensen av desse verba som eit argument mot ergativ analyse. Førekomsten av desse verbtypane krev altså ei forklaring.

Som ei mogleg løysing viser Hauge (1996) til Maling (1987): Maling foreslår at der er ein samanheng mellom særskilte theta-roller og dei posisjonane desse kan tileignast i; mellom anna kan agens berre bli tileigna i subjektsposisjonen.³³ Vidare viser Maling til engelske presenteringssetningar, der DPen er generert i objektsposisjonen og eit såkalla dummy-element okkuperer subjektsposisjonen. Sidan DPen fungerer som objekt i presenteringssetningar, kan han få theta-rolle direkte frå verbet, og i følgje Maling fører dette til at verbet ikkje kan tileigne nokon ekstern rolle. På denne måten set sjølve strukturen ei avgrensing for tileigning av ei ekstern theta-rolle.

Etter grundig samanlikning av engelske presenteringssetningar og LI-konstruksjonen, ser Helene Hauge (1996) i likskap med mellom anna Bresnan (1994) og LRH (1995) påfallande syntaktiske likskapar mellom konstruksjonane. Vurder setningsparet frå Hauge (1996: 80):

(9) In the distance appeared the towers and spires of a town which greatly resembled Oxford.

(10) There appeared in the distance the towers and spires of a town which greatly resembled Oxford.

³³ Dette vart også foreslått av Mark Baker i UTAH-prinsippet frå boka *Incorporation* (1988). Sidan har det blitt vanleg å anta dette prinsippet; at spesifikke tematiske roller er knytt til spesifikke syntaktiske posisjonar.

Setning (9) er ein lokativ inversjonskonstruksjon, medan setning (10) er ei engelsk presenteringssetning. Hauge (1996) poengterer at verba i konstruksjonane i stor grad er dei same, og begge manglar ekstern theta-rolle i djupstrukturen. Dessutan ser DPen generelt ut til å vere kompleks, og plassert til høgre for verbalet. Forskjellen vi ser mellom strukturane, er at LI har eit adverbial i temaposisjon og manglar dummy-elementet *there*.

Grunna dei fundamentale likskapane reknar Hauge (1996) med at lokativ inversjon deler eigenskapen Maling (1987) trekkjer fram, om at den eksterne theta-rolle kan bli avvist av sjølv strukturen dersom objektet kan få theta-rolla direkte frå verbet. Dette betyr at tilsynelatande inergative verb blir ergative, og dermed utan ekstern theta-rolle, når dei blir sett inn i ein LI-konstruksjon. Når eg vidare i denne oppgåva omtaler lokative inversjonsverb, vil dette følgjeleg vere synonymt med ergative verb. På denne måten gjer altså Hauge (1996) greie for dei problematiske aspekta ved dei ulike verba i konstruksjonen.


Den ergative analysemodellen til Helene Hauge (1996) vil danne grunnlaget for vidare diskusjon i denne oppgåva. Det er likevel ei viktig endring eg vil gjere i den strukturelle analysen; nemleg å rekne med at setningar med lokativ inversjon-konstruksjonen inneheld ei småsetning.

Ei småsetning er samansett av eit subjekt og eit predikat, men er ikkje etablert i tid. Ettersom ei småsetning ikkje har tempus, er ho ikkje ei fullverdig setning, men altså ei småsetning, som har potensiale til å bli ei setning. Vi skil mellom verbale og ikkje-verbale småsetningar, og eit døme på ei verbal småsetning er *guten springe* i til dømes «Eg såg guten springe». *Guten springe* kan bli ei fullverdig setning ved å leggje til tempus: «Guten spring». Eit døme på ei ikkje-verbal småsetning er *læraren inn i rommet*. Her er *læraren* subjekt og *i rommet* predikat, og småsetninga kan bli ei fullverdig setning ved å leggje til eit kopulaverb med tempus: «Læraren er i rommet».

Det sentrale i ei småsetning er at vi har eit subjekt og eit predikat, der predikatet viser til ein eigenskap ved subjektet. Denne typen subjekt-predikat-forhold finn vi i alle setningane med lokativ inversjon (jf. del 2.2.2). Ein analyse med ei småsetning i strukturen til setningar med lokativ inversjon fangar inn denne restriksjonen samtidig som han gjer greie for dei semantiske tilhøva vi finn i slike setningar. Den ergative analysen som vil bli brukt i drøftinga, er difor modifisert til å innehalde ei ikkje-verbal småsetning.³⁴

³⁴ For ei grundigare drøfting av småsetningsanalyse sjå Åfarli og Eide (2003) og Stowell (1983).

(11)



I denne analysen vil ein altså ikkje anta flytting av verbalet til C for å oppnå inversjon. Verbalet står føre subjektet i djupstrukturen, men endar opp i ein ekstraposisjon bak verbalet i overflatestrukturen. Lokativ inversjon-konstruksjonen representerer såleis *deskriptiv V2* i engelsk, og denne analysemodellen vil bli omtala som *ergativ-analysen av deskriptiv V2*.

Når vi no har tatt standpunkt i kva analysemodellen som skal danne grunnlag for vidare drøfting, er vi nesten klare for å setje denne strukturen i samanheng med teorien om syntaktisk transfer. Først er det likevel naudsynt å vurdere om eigne forskingsresultat er tilstrekkeleg valide for å trekkje ein generell konklusjon, då det motsette inneber at ein ikkje kan anta ein generell trend i tråd med forskingsspørsmålet i den vidare diskusjonen.

4.3 Validiteten i forskinga

I denne delen vil eg drøfte dei faktorane som kan ha verka inn på verbplassering i mellomspråket til informantane, og som på denne måten påverkar validiteten av forskinga. For å kunne vurdere om den generelle trenden presentert i resultata (3.4) kan vere ein følge av andre faktorar enn internaliserte språkstrukturar, vil validiteten først bli drøfta i samband med eigenskapar ved setningane i testen (4.3.1), og vidare i samband med nokre av dei individuelle faktorane som er framstilt i *vedlegg 3* (4.3.2).

4.3.1 Setningsstruktur

Med unntak av informant 8 (n2) har alle informantane like mange eller fleire avvik i setningar med transitive verb enn dei med inergative verb. Med omsyn til frekvensen av desse verbtypane

i LI-konstruksjonen er dette eit venta funn. Likevel er det her andre faktorar som verkar å spele inn i avviksstatistikken, og mellom anna har informant 2 (n1) kommentert at setningar som startar med eit substantiv som det einaste ordet, høyrer merkeleg ut uansett rekkjefølgje. I desse tilfella synes han at det ved første augekast er vanskeleg å skjønne kva som utfører handlinga og kva som er objektet. Informanten har markert setning 4, 10, 26 og 30 i testen, og her er to døme med markerte objekt:

(12) **Pizza** laget barna til middag. (4)

(13) **Kaffe** drakk studentene. (10)

Aspektet som informanten trekkjer fram om at likskapstrekk mellom subjektet og objektet i transitive setningar er forvirrande, verkar å fremje avvik hos fleire informantar. I setning 10 er det fem informantar som har subjektet i andre posisjon, og det er såleis i denne setninga flest informantar har avvik (jf. ***Kaffe** studentene *drakk*). Elles er det høvesvis to, fire og tre avvik i setning 4, 26 og 30 (sjå *vedlegg 2*). Likevel vil eg påstå at dette ikkje er grunnlag for å avvise validiteten, då dei inergative setningane har stadsadverbial og nokre tidsadverbial som tematiserte ledd, og dermed ikkje representerer den same lite frekvente og forvirrande objektstematiseringa som dei transitive verba. Såleis forklarar det ikkje dette kvifor det er overvekt av V2 i dei ergative setningane.

Sjølv om setningane er utforma for å vere så samanliknbare som mogleg, er det altså andre faktorar ved setningsstrukturen enn sjølve verbtypen som kan spele inn på meistring av V2-fenomenet. Med utgangspunkt i dette har eg utforska kompleksiteten til det tematiserte leddet, for å sjå om ein preferanse i plassering av tunge ledd kan spele inn på verbplasseringa. I samband med avvik i norsk mellomspråk har Hagen (1992) skildra nokre faktorar som fremjar *underinvertering*. Denne avvikstypen inneber at innlæraren unnlét å ta i bruk inversjon, og er dermed dekkjande for dei setningane i informanttesten som får subjektet i andre posisjon. Eitt av trekk som Hagen (1992) hevdar utløyser *underinvertering*, er tunge framforstilte ledd. For å gjere setningane forstålege for informantane, er dei aller fleste tematiserte ledda enkle. Likevel inneheld fem av setningane relativt komplekse tematiserte ledd, men desse skil seg

ikkje særskilt ut, sjølv om prediksjonen til Hagen skulle tilseie det.³⁵ Derimot representerer informant 4 den motsette trenden og denne viser han mellom anna i setningsparet 19 og 20, der setninga med det komplekse leddet (14) har inversjon:

(14) Et brev til sin mor sendte gutten. (19)

(15) *En pakke jenta sendte. (20)

Informanten har til saman fem avvik, og alle desse er i setningar med transitive verb og enkle tematiserte objekt (jf. 15). I dei fire setningane i testen som har eit komplekst tematisert objekt, har han derimot V2 i alle (jf. 14). Dette kan tyde på at kompleksiteten av tematisert ledd kan gi ulike utslag i V2 i mellomspråket, og ikkje nødvendigvis i den retninga teorien predikerer. Då det her verkar å fremje V2 i dei tilfella det har innverknad, vil ikkje dette få konsekvensar for validiteten.

Ein faktor som derimot kan ha vore med på å avgjere resultatet, er at verba i dei 36 setningane er frekvente og korte finitte verb. Desse eigenskapane er i følgje Hagen (1992) med på å fremje rett inversjon, og kan difor ha vore med på å påverke graden av V2. Denne eigenskapen gjeld likevel alle setningane, og eg ser difor ingen grunn til å ta vidare omsyn til dette aspektet for å forklare det generelle avviksmønsteret (jf. 3.4).

4.3.2 Språkleg kompetanse

Då det er store variasjonar i meistring av V2 blant informantane, er det også relevant å sjå på kva språk innlærarane kan frå før. Bohnacker (2006) argumenterer for at alle språk innlæraren har internalisert, vil ha innverknad på korleis han strukturerer eit eventuelt tredje-, fjerdespråk osv. Eit særst interessant funn frå eiga forskning er at to informantar med høg meistring av V2 (i1 og i3), er på nybegynnarnivå i andre V2-språk; høvesvis tysk og tysk/svensk. Med omsyn til Bohnacker si forskning som viser at V2 er sensitiv for transfer, er det rimeleg å anta at andrespråkskompetansen til desse informantane har vore med på å fremje rask læring av fenomenet.

³⁵ Dette gjeld setning 5, 19, 25, 28 og 31: Ingen informantar har avvik i setning 5 og 19, og to-tre informantar har avvik i setning 25, 28 og 31 (sjå vedlegg 2).

Transfer frå andre språk enn morsmålet også vere gjeldande for informant 8 (n2), som er blant dei med flest avvik. Denne informanten oppgir at han er nybegynnar i både tysk (V2-språk) og fransk (romansk språk), noko som kan gi miksa signal om kva syntaktisk struktur som gjeld for fjerdespråket. Ein slik påverknad kan vere ein mogleg forklarande faktor for det ustabile mellomspråket vi ser hos denne innlæraren. Alle språk innlæraren kan frå før kan på denne måten fungere som interferens, og slik vere eit forstyrrande element for det mønsteret vi ventar ved direkte transfer frå engelsk.

Det er difor høgst aktuelt å studere resultata frå dei to informantane som berre kan engelsk frå før (i5 og i9), og som difor ikkje har transfer frå andre språk i det norske mellomspråket. Om vi startar med informant 5 (n1), ser vi at han har heile 20 avvik og alle desse er i setningar med inergative og transitive verb. Det vil seie at han berre har to korrekte plasseringar av verbalet ved desse verbtypene, medan alle dei ergative verba gav V2. Det same mønsteret gjeld informant 9 (n3), som har to avvik ved inergative verb og sju avvik ved transitive verb, men ingen ved dei ergative verba. Desse informantane har dermed tydelege tendensar som viser V2 ved lokative inversjonsverb, og samstundes mange avvik ved inergative og transitive verb. På denne måten stadfestar dei det generelle mønsteret i resultata og såleis prediksjonane til hypotesen. Sidan desse to informantane lærer norsk som sitt einaste andrespråk, og følgjeleg fungerer som dei mest «autentiske» informantane i testen, blir dette eit særst viktig bidrag i forskinga.

Av informantar som berre kan engelsk frå før, kunne eg også ha trekt fram informant 2 (n1), då han kommenterer at han berre kan nokre få ord spansk og dermed verkar å ikkje ha internalisert den spanske grammatikken. Likevel har han berre to avvik – i éi ergativ og éi transitiv setning, og skil seg slik frå dei to andre. Det krev at vi ser på nokre andre faktorar som kan ha verka inn på resultata. Informanten har kommentert på setningsstruktur og funksjonelle aspekt ved dei transitive setningane og viser slik metalingvistisk kompetanse. Dette kan føre til medvit om verbplassering, som vidare kan føre til at reglar om V2 kjem føre det intuitive når informanten skal vurdere leddstillinga. Sjølv om informantane vart bedne om å ikkje tenkje på reglar som dei har lært, kommenterer informant 9 at det er vanskeleg å vurdere korleis han ville ha skrive setningane utan noko tidlegare norskundervisning. Informant 7 (n2) kommenterer også dette og skriv at det stort sett kjentes naturleg å ha verbet på andre plass. Han reknar med dette er fordi han er blitt van med det, og at det ville kjennast unaturleg å gjere noko anna enn det han har lært.

Når ein skal prøve å forklare det høge meistringsnivået til informant 2 (n1), er det dessutan relevant å trekkje fram at han snakkar norsk ved sosiale tilstellingar, og når han handlar i butikken. At han praktiserer språket utanom undervisninga, gjer at han blir van med å høyre og praktisere V2, og hever slik den språklege kompetansen. På denne måten kan både undervisning og praktisering av norsk gjere innverknad frå morsmålet mindre synleg i mellomspråket. Likevel gir også desse faktorane generelt høgare meistring av V2, og er ikkje i seg sjølv grunn til å avvise den generelle trenden.


4.4 Hypotesar om syntaktisk transfer

Resultata frå informanttesten viser at innlærarane har større vanskar med korrekt verbplassering ved transitive og inergative verb enn ved ergative verb, og den generelle trenden er dermed i tråd med den presenterte hypotesen. Etter å ha drøfta faktorar som kan ha verka inn på resultatet, er det heller ikkje funne nokon grunn til å avvise resultata frå informanttesten. Vidare blir difor spørsmålet *kvifor* lokativ inversjon-konstruksjonen gjer det enklare for innlæraren å meistre V2 i dei norske ekvivalentane, og dermed korleis den syntaktiske transferen gjer seg synleg. Eg vil først presentere ein hypotese om at innlærarane har transfer av den engelske LI-konstruksjonen i sin heilskap (4.4.1). Vidare har åtte informantar gjennomført ei akseptabilitetsvurdering av LI-setningar (4.4.2). Basert på desse resultata vil eg kome med ein ny hypotese om kva mental prosess som ligg til grunn for transfer av V2 ved ergative verb: *Hypotesen om leksikalske triggerar* (4.4.3).


4.4.1 Hypotese om syntaktisk transfer av LI-konstruksjonen

I følgje Hawkins' *hypotese om manglande funksjonelle trekk* (1997) vil ein få transfer av strukturar frå morsmålet i heile projeksjonen; full transfer i VP og transfer i dei funksjonelle projeksjonane, med eigenskapar som anten manglar eller har avvik frå målspråket (jf. 2.2.3). Om ein tek utgangspunkt i denne hypotesen, vil ein difor vente transfer av heile LI-konstruksjonen, og dermed ergativ-analysen med deskriptiv V2, til dei norske ekvivalentane. I setningane med inergative og transitive setningar i informanttesten, krev målspråket derimot ei mental restrukturering til den norske strukturen med analytisk V2. Jamfør representasjonane av ei ergativ (16) og ei inergativ (17) setning på norsk, henta frå informanttesten:

(16)



(17)



I (16) ser vi at den norske LI-ekvivalenten har ergativ-analysen med deskriptiv V2; verbet har blitt ståande i V, medan subjektet står i ein ekstraposisjon til slutt i setninga. Grunna transfer av LI-strukturen er innlæraren venta å få deskriptiv V2 i både den engelske og norske varianten. Ved inergative og transitive verb er det derimot ikkje deskriptiv V2 i den engelske strukturen, og innlærer må difor ha ei mental restrukturering til analytisk V2 for å oppfylle V2-kravet i målspråket. I følge Hawkins' hypotese (1997) vil starttilstanden innebære engelske trekk i den mentale strukturen, men då desse feilar i møte med målspråket, blir trekka nullstilt og bygd opp att i tråd med dei norske. Ein kan difor vente færre og færre manglande eller avvikande funksjonelle trekk etter kvart som innlærer utviklar mellomspråket. Ved inergative og transitive verb ventar ein altså bruk av verbflyttingsanalysen i dei norske setningane, som vist i (17), med ustabile trekk.

Ein hypotese i samsvar med Hawkins' (1997) inneber slik ei forventning om at informantane tek i bruk ulike syntaktiske strukturar for å produsere dei to setningane. Følgjeleg seier hypotesen at mellomspråksgrammatikken til innlærarane med engelsk som morsmål inneheld både ergativ-analysen av deskriptiv V2 og norsk verbflyttingsanalyse med analytisk V2, og at dei vekslar mellom desse strukturane i møte med dei ulike verbtypene.

Basert på dette legg eg fram ein hypotese om


- *transfer av lokativ inversjon-konstruksjonen, med deskriptiv inversjon, og dermed stabilt korrekt verbplassering ved ergativ verb i norsk.*

- ei mental restrukturering av dei syntaktiske representasjonane, til verbflyttingsanalysen med analytisk V2, og dermed ein ustabil mellomspråksgrammatikk i verbplassering ved transitive og inergative verb.


4.4.2 Akseptabilitetsvurdering

For å finne ut om innlærarane har transfer av den engelske LI-strukturen, og dermed om hypotesen verkar å stemme, vil eg ta utgangspunkt i skilnader i plassering av adverbialet mellom den engelske ergativ-analysen av deskriptiv V2 og den norske verbflyttingsstrukturen. Som skildra i del 4.2 genererer desse strukturane ulik posisjon for verbet, og vidare finn vi ulik plassering av adverbialet. Sjå representasjonane under, der adverbialet er plassert under SA:

(18)



(19)



I engelsk blir adverbialet rekna for å vere adjungert til VP, og blir dermed ståande til *venstre* for hovud verbet (18). Ved verbflytting kan ein derimot vente at det blir ståande til *høgre* for verbet (19), då det flyttar forbi T' og TP – dei to posisjonane der adverbialet kan verte adjungert

i norsk (jf. Åfarli og Eide: 93). Prediksjonane for hypotesen om transfer av ergativ-analysen av deskriptiv V2 er følgeleg at innlærarane får adverbialet til venstre for hovud verbet i dei norske ekvivalentane til lokativ inversjon.

For å teste hypotesen vart det gjennomført ei akseptabilitetsvurdering med åtte av informantane. Dei vart presentert for tre ergative setningspar frå informanttesten, med adverbialet plassert like til høgre eller venstre for verbalet.³⁶

(20) a. I hjørnet *stod* **fremdeles** det store arbeidsbordet.

b. I hjørnet **fremdeles** *stod* det store arbeidsbordet.

(21) a. På bordet *lå* **heldigvis** boka.

b. På bordet **heldigvis** *lå* boka.

(22) a. Ned fra treet *kom* **plutselig** en liten fugl.

b. Ned fra treet **plutselig** *kom* en liten fugl.

Av informantane som vart presenterte for desse setningspara, er det fem som føretrekkjer adverbialet til høgre og dermed verbflyttingsanalysen i samtlege. Den mentale strukturen dei gir uttrykk for, samsvarer såleis *ikkje* med dei syntaktiske prediksjonane frå hypotesen om strukturell transfer av LI-strukturen frå engelsk. Vidare er det éin som føretrekkjer adverbialet til venstre i alle setningane og samsvarer slik med prediksjonane. Dei to siste informantane har derimot blanda V2: Den eine informanten viser ei leddstilling som kan vere i samsvar med ergativanalysen i setning (20) og (21), og verbflytting i setning (22), medan den andre informanten viser eit mønster som er kompatibel med ergativanalysen i setning (21) og verbflytting i setning (20) og (22).³⁷

³⁶ Informantane vart presentert for dei to setningane i kvart par i randomisert rekkjefølgje. Her representerer derimot a) rett versjon i innfødd norsk og b) mangel på verbflytting.

³⁷ Ingen av setningane kan seiast å ha direkte parallellar på engelsk. Sidan det her blir testa strukturar i samband med syntaktisk transfer frå engelsk, kan dette vere problematisk. (22) kan fungere på engelsk, men til dømes verbet *flew* ville gitt ei meir naturleg setning.

I resultatene ser vi altså ei overvekt av informantar som føretrekkjer adverbialet til høgre for verbet, og dermed verbflyttingsanalysen med analytisk V2. Dette tyder på at informantane har internalisert den norske strukturen også ved ergative verb. Det er likevel éin informantar som viser ei leddstilling i samsvar med ergativ-analysen med deskriptiv V2 og to informantar som viser samsvar med begge strukturane. Som predikasjonen seier, kan dette vere eit resultat av transfer av den internaliserte engelske strukturen. At to av informantane vaklar mellom strukturane, kan såleis tyde på at mellomspråket til innlærarane inneheld både engelsk og norsk syntaks.

Overvekta av analytisk V2 blant informantane favoriserer likevel ei anna forklaring. Informantane kan nemleg ha internalisert ein norsk struktur ved lokativ inversjon, men grunna ein ustabil mellomspråksgrammatikk ha mangel på V2 i nokre setningar. V2-fenomenet blir rekna for å vere ei stor utfordring i andrespråksinnlæring og rett bruk av inversjonsregelen kan i følge Hagen (1992: 36) berre tileignast gjennom å bruke språket i kommunikative samanhengar. V2 er difor rekna for å komme seint på plass i innlæringa og generere ein ustabil mellomspråksgrammatikk. Av desse grunnane er det rimeleg å anta at også dei som vaklar mellom strukturane, representerer analytisk V2, men at mellomspråksgrammatikken deira er ustabil i høve verbplassering. Dette krev ein ny hypotese som mogleggjer analytisk V2 ved ergative verb i det norske mellomspråket.

4.4.3 Hypotese om leksikalske triggjarar

Som utgangspunkt for den andre hypotesen om kvifor informantane har overvekt av V2 ved lokative inversjonsverb, ligg idéen om «leksikalske triggjarar» frå *Shallow structure hypothesis* (SSH). SSH er ein prosesseringshypotese av Clahsen og Felser (2006a; 2006b) som seier at andrespråksinnlærarar ikkje har internalisert ein like detaljert grammatisk struktur som det morsmålsbrukarar har. Derimot seier hypotesen at leksikalske «triggjarar» utløyser ein meir overfladisk mental reproduksjon av den syntaktiske representasjonen i målspråket.

Denne idéen om at innlærarane tek i bruk leksikalske triggjarar er interessant i samanheng med LI-konstruksjonen, då dette kan forklare overvekta vi finn av V2 ved ergative verb. Eg legg difor fram ein ny hypotesen om at

- *lokative inversjonsverb fungerer som «triggjarar» for ein analytisk V2-struktur i det norske målspråket.*

På denne måten får ein ikkje transfer av den engelske strukturen som heilskap, men dei lokative inversjonsverba får fram V2 i målspåket via den internaliserte engelske strukturen med deskriptiv V2. Dei lokative inversjonsverba utløyser slik ein overfladisk analytisk inversjonsstruktur hos innlærar. Denne hypotesen stemmer slik overeins med Bohnackers (2006) prediksjon om at tileigning av V2 vil skje raskt når overføring frå morsmålet er involvert i prosessen, då innlærarane har raskare tileigning av analytisk V2 ved lokative inversjonsverb.

4.4.4 Oppsummering

Dei to hypotesane som er presentert i høve syntaktisk transfer er begge moglege forklaringar på kvifor det er overvekt av V2 ved ergative verb, men dei har ulike predikasjonar for kva setningsstruktur innlærarane har i det norske mellomspråket. *Hypotesen om syntaktisk transfer av LI-konstruksjonen* inneber at innlærarane opererer med to parallelle strukturar i produksjonen av dei norske setningane – ein for lokative inversjonskonstruksjonar og ein for deklorative hovudsetningar med transitive/inergative verb. Sjølv om dette er forklarar kvifor graden av meistring av V2 er ulik i desse verba, er det lite økonomisk å ha to strukturar som fungerer side om side. Dessutan tyder akseptabilitetsvurderinga av dei tre setningspara på at informantane føretrekkjer den norske verbflyttingsstrukturen i dei lokative inversjonsstrukturane, og dermed gir *hypotesen om leksikalske triggjarar* betre samsvar med resultatane. *Leksikalske triggjarar* predikerer at den analytiske V2-strukturen i den norske mellomspråket er mindre detaljert enn strukturen er for morsmålsbrukarar, og dermed kan ein også vente at denne generelt er meir ustabil. Samtidig gir syntaktisk transfer i form av leksikalske triggjarar raskare tileigning, og dermed overvekt av V2, i setningar med lokative inversjonsverb. På denne måten gir også hypotesen om leksikalske triggjarar greie for stabilitet av V2 ved ergative verb, og ein ustabil mellomspråksgrammatikk ved transitive og inergative verb, og framstår som den mest gyldige hypotesen.

5 Konklusjon

Som utgangspunkt for denne masteroppgåva ligg hypotesen om at det *for innlærarar av norsk med engelsk som morsmål, er lettare å meistre V2 ved norske ekvivalentar til typiske lokative inversjonsstrukturar i engelsk*. Denne hypotesen har vorte stadfesta gjennom ein informanttest som viser at innlærarane har større vanskar med V2 ved transitive og inergative verb enn ved lokative inversjonsstrukturar. Særskilt tydeleg var mønsteret hos dei to informantane som berre kunne engelsk frå før, og som difor ikkje hadde transfer frå andre språk i det norske mellomspråket.

Testen stadfesta slik at V2 var enklare ved ergative verb, og spørsmålet vidare vart *kvifor*. Som svar på dette forskingsspørsmålet vart det foreslått ein hypotese om syntaktisk transfer av den fullstendige LI-konstruksjonen. Dette inneber at innlærarane tek med seg den engelske LI-strukturen inn i produksjonen av dei norske ekvivalentane, og eit viktig poeng i drøftinga var dei sentrale skilnadane mellom den engelske og norske strukturen: Medan dei norske deklaratve hovudsetningane inneber verbflytting til C for å oppfylle V2-kravet, får den engelske LI-konstruksjonen subjekt-verb-inversjon gjennom ekstraponering av subjektet.

Ein konsekvens av denne skilnaden er at verbet blir ståande i V i LI-konstruksjonen og C i den norske strukturen, og følgjeleg vil ein få ulik plassering av setningsadverbial i høve verbet i dei to strukturane. Denne strukturelle skilnaden inneber dessutan at det berre er den norske strukturen som har V2 som ein underliggjande analytisk struktur. Derimot har begge strukturane verbet i andre posisjon i den observerbare setninga og dermed deskriptiv V2.

Ei akseptabilitetsvurdering viste at informantane føretrekte den varianten av dei norske ekvivalentane til LI-setningane som hadde adverbialet til *høgre* for verbet, og som dermed hadde den norske verbflyttingsstrukturen. Dermed stemte ikkje resultatane overeins med prediksjonane frå hypotesen, og det vart lagt fram ein ny hypotese om *leksikalske triggerar*. Denne hypotesen inneber ei form for syntaktisk transfer som antek at analytisk V2 i det norske målspråket blir framprovosert av lokative inversjonsverb. På denne måten blir rett inversjon i målspråket utløyst av syntaktiske trekk som er felles for morsmålet og målspråket.

På bakgrunn av eiga forskning hevdar eg såleis at forklaringa ligg i idéen om leksikalske triggerar, og dette opnar for forsøk på å falsifisere hypotesen. Spesielt med omsyn til det låge informanttalet, bør vidare forskning nytte fleire informantar for å få statistisk reliable resultat.

Vidare reiser oppgåva spørsmål om korleis dei leksikalske triggjarane konkret fungerer, og kva som kjenneteiknar dei leksikalske konstituentane som kan fungere som triggjarar. Er det til dømes berre verb som kan utløyse analytisk V2-struktur i målspråket? Generelt er denne idéen lite utforska, og det trengst difor forskning med denne hypotesen om leksikalske triggjarar som utgangspunkt.

Då forskinga her har dreia seg konkret om lokativ inversjon- og V2-fenomenet, samt transfer frå engelsk til norsk, er det naudsynt med andre perspektiv i vidare forskning for at hypotesen skal kunne integrerast som generell teori om andrespråksforskning. Det vil difor vere aktuelt å gjere ei liknande undersøking som er nytta her i samband med andre V2-strukturar i engelsk, som Quotative Inversion (jf. Collins 1997). I tillegg vil det vere aktuelt å nytte andre språk enn det som er utgangspunktet i denne oppgåva. Her er det med andre ord gode høve for vidare forskning.

Litteraturliste

- Baker, M. C. (1988). *Incorporation: A theory of grammatical function changing*. Chicago: University of Chicago Press.
- Berggren, H. & Tenfjord, K. (1999). *Andrespråkslæring*. Oslo: Ad Notam Gyldendal.
- Bohnacker, U. (2006). When Swedes begin to learn German: From V2 to V2. *Second Language Research*, vol. 22 (4): 443-486.
- Brautaset, A. (1996). *Inversjon i norsk mellomspråk*. Oslo: Novus.
- Bresnan, J. (1994). Locative Inversion and the Architecture of Universal Grammar. *Language*, vol. 70 (1): 72-131.
- Burzio, L. (1986). *Italian syntax: A government-binding approach*. Studies in natural language and linguistic theory. Dordrecht: Reidel.
- Chaudron, C. (2003). Data collection in SLA research. I: Doughty, C. J. & Long, M. H. (red.) *The handbook of second language acquisition*, s. 762-828. Oxford: Blackwell Publishing Ltd.
- Chomsky, N. (1957). *Syntactic Structures*. The Hague/Paris: Mouton & Co.
- Chomsky, N. (1981). Principles and parameters in syntactic theory. I: Hornstein, N. & Lightfoot, D. (red.) *Explanation in linguistics: The logical problem of language acquisition*, s. 32-75. London: Longman.
- Chomsky, N. (1995). *The minimalist program*. Current studies in linguistics series. Cambridge, Mass: MIT Press.
- Clahsen, H. & Felser, C. (2006a). Continuity and shallow structures in language processing. *Applied Psycholinguistics*, vol. 27 (1): 107-126.
- Clahsen, H. & Felser, C. (2006b). Grammatical processing in language learners. *Applied Psycholinguistics*, vol. 27 (1): 3-42.
- Collins, C. (1997). *Local economy*. Linguistic inquiry monographs 29. Cambridge, Mass: MIT press.
- Coopmans, P. (1989). Where stylistic and syntactic processes meet: Locative inversion in English. *Language*, vol. 65: 728-751.
- Crocker, L. & Algina, J. (1986). *Introduction to classical and modern test theory*. California: Wadsworth Publishing.
- De Angelis, G. & Selinker, L. (2001). Interlanguage transfer and competing linguistic systems in the multilingual mind. I: Hufeisen, J., Jessner, B. & Cenoz, U. (red.) *Cross-*

- Linguistic Influence in Third Language Acquisition : Psycholinguistic Perspectives*, s. 42-58. Clevedon, England: Multilingual Matters Limited.
- Eide, K. M. (red.). (2015). *Norsk andrespråkssyntaks*. Oslo: Novus forlag.
- Field, F. W. (2011). *Key concepts in bilingualism*: Palgrave Macmillan.
- Gass, S. M. & Selinker, L. (1983). *Language Transfer in Language Learning. Issues in Second Language Research*. Amsterdam/Philadelphia: John Benjamins Publishing Company.
- Hagen, J. E. (1992). Feilinvertering, overinvertering og underinvertering. *NOA 15*: 27-38.
- Hauge, H. (1996). *Locative inversion in English: a syntactic analysis of the locative inversion construction from a Government and binding theory perspective*. Hovedoppgåve i engelsk. Trondheim: NTNU.
- Hawkins, R. & Chan, C. Y.-h. (1997). The partial availability of Universal Grammar in second language acquisition: The 'failed functional features hypothesis'. *Second Language Research*, vol. 13 (3): 187-226.
- Hawkins, R. (2001). *Second language syntax: a generative introduction*. Oxford: Blackwell.
- Hoekstra, T. & Mulder, R. (1990). Unergatives as copular verbs; locational and existential predication. *The linguistic review*, vol. 1: 1-80.
- Holmberg, A. & Platzack, C. (1995). *The role of inflection in Scandinavian syntax*. Oxford studies in comparative syntax. New York: Oxford University Press.
- Holmberg, A. (2015). Verb second. I: Kiss, T. & Alexiadou, A. (red.) *Syntax: An International Handbook of Contemporary Syntactic Research.*, s. 342-383. Berlin: De Gruyter Mouton.
- Hornstein, N., Nunes, J. & Grohmann, K. K. (2005). *Understanding minimalism*. Cambridge textbooks in linguistics. Cambridge: Cambridge University Press.
- Johannessen, J. B. (2003). Innsamling av språklige data: Informanter, introspeksjon og korpus. I: *På språkjakt: problemer og utfordringer i språkvitenskapelig datainnsamling.*, s. 133-171. Oslo: Unipub.
- Levin, B. & Hovav, M. R. (1995). *Unaccusativity: At the syntax-lexical semantics interface*. Linguistic inquiry monographs. Cambridge, Mass: MIT press.
- Levin, L. S. (1985). *Operations on lexical forms: Unaccusative rules in Germanic languages*: PhD Avhandling. Massachusetts Institute of Technology, Department of Linguistics and Philosophy.

- Maling, J. (1987). *Existential Sentences in Swedish and Icelandic: Reference to Thematic Roles*. Working Papers in Scandinavian Syntax. Lund: Lund University, Department of Scandinavian Languages.
- Nygård, M. (2013). *Discourse ellipsis in spontaneously spoken Norwegian*. PhD Avhandling. Trondheim: NTNU, Department of Scandinavian Studies and Comparative Literature.
- Odlin, T. (1989). *Language transfer: Cross-linguistic influence in language learning*. Cambridge applied linguistics series. Cambridge: Cambridge University Press.
- Perlmutter, D. M. (1978). *Impersonal passive and the unaccusative hypothesis*. Annual Meeting of the Berkeley Linguistics Society: Berkeley linguistics society.
- Pollock, J.-Y. (1989). Verb movement, Universal Grammar, and the structure of IP. *Linguistic inquiry*, vol. 20 (3): 365-424. Cambridge: MIT Press.
- Popper, K. R. (1963). *Conjectures and refutations: the growth of scientific knowledge*. London: Routledge and Kegan Paul.
- Quirk, R., Crystal, D. & Education, P. (1985). *A comprehensive grammar of the English language*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Rochemont, M. S. & Culicover, P. W. (1990). *English focus constructions and the theory of grammar*. Cambridge studies in linguistics. Cambridge: Cambridge University Press.
- Schwartz, B. D. & Sprouse, R. A. (1996). L2 cognitive states and the full transfer/full access model. *Second language research*, vol. 12 (1): 40-72.
- Schütze, C. T. (1996). *The empirical base of linguistics: Grammaticality judgments and linguistic methodology*. Chicago: University of Chicago Press.
- Stowell, T. (1983). Subjects Across Categories. *The Linguistic Review*, vol. 2: 285-312.
- Svartvik, J. & Sager, O. (1977). *Engelsk universitetsgrammatik*. Scandinavian university books. Solna: Esselte Studium.
- Vainikka, A. & Young-Scholten, M. (1994). Direct access to X'-theory: evidence from Korean and Turkish adults learning German. I: Hoekstra, T. & Schwartz, B. D. (red.) *Language Acquisition Studies in Generative Grammar*. Amsterdam/Philadelphia: John Benjamins Publishing Company.
- Vikner, S. (1995). *Verb movement and expletive subjects in the Germanic languages*. Oxford Studies in Comparative Syntax. New York: Oxford University Press.
- White, L. (2003). *Second language acquisition and universal grammar*. Cambridge textbooks in linguistics. Cambridge: Cambridge University Press.
- White, L., Valenzuela, E., Kozłowska-Macgregor, M. & Leung, Y.-K. I. (2004). Gender and number agreement in nonnative Spanish. *Applied Psycholinguistics*, vol. 25: 105-133.

- Åfarli, T. A. (1992). *The syntax of Norwegian passive constructions*. *Linguistik Aktuell/Linguistics Today* 7. Amsterdam/Philadelphia: John Benjamins Publishing Company.
- Åfarli, T. A. (2000). *Grammatikk – kultur eller natur? Elementær innføring i det generative grammatikkstudiets vitenskapsteori*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Åfarli, T. A. & Eide, K. M. (2003). *Norsk generativ syntaks*. Oslo: Novus forlag.

Vedlegg

Part 1 Information about the test

My name is Ingunn Sandbakk and I am a master student at NTNU. In relation to my thesis I need students with English as their first language to perform some tasks, and I appreciate that you have agreed to participate.

Please fill in all parts of the test and hand it back to your teacher within a few days. The test is anonymous so there is no need to write your name anywhere.

If you have any questions feel free to contact me on ingunsan@stud.ntnu.no.

Part 2 Questions about you

Gender: Male Female

Age: _____

For how long have you been living in Norway? _____

Do you speak or write Norwegian besides language classes?

Please specify.

For how long have you been attending Norwegian classes? _____

Which level are you attending at the Norwegian course at NTNU? _____

How would you characterize your proficiency in Norwegian (fluent/intermediate/beginner)?

a) In writing _____.

Specify: _____

_____.

b) In speech _____.

Specify: _____

_____.

What is your native language?

_____.

What languages do you know? Please specify whether you are fluent/intermediate/beginner in each language.

Part 3 Tasks

Complete the Norwegian sentences by using the two sequences listed in each box (1-36). Try to avoid using any rules you may have learned in Norwegian classes and write the sentence that sounds the most natural to you.

You may add any comment you have, preferably in the comment space in the end of the document.

2. I hjørnet _____ .

[det store
arbeidsbordet]

[stod]

3. Inn i rommet _____ .

[kom]

[læreren]

4. I klasserommet _____ .

[en elev]

[besvimte]

5. Pizza _____ til middag.

[laget]

[barna]

6. Te med smak av chili _____ .

[mange
studenter]

[likte]

7. I parken _____ .

[spiste]

[jentene]

8. Bortover gata _____ .

[en gammel
mann]

[gikk]

9. På loftet _____ .

[var]

[en mus]

10. På busset _____ .

[noen trøtte
damer]

[snorket]

11. Kaffe _____ .

[studentene]

[drakk]

12. I kjelleren _____ .

[stod]

[en
vaskemaskin]

13. I skogen _____ på livet.

[noen studenter]

[tenkte]

14. I skoletimene _____ mye.

[fantaserte]

[eleven]

15. Gjennom vinduet _____ .

[fløy]
[fuglen]

16. Vinduet _____ i stykker.

[slo]
[en tyv]

17. En ny bil _____ .

[en venn]
[kjøpte]

18. I hagen _____ .

[et stort tre]
[vokste]

19. Hjemme _____ .

[leste]
[mange
studenter]

20. Et brev til sin mor _____ .

[gutten]
[sendte]

21. En pakke _____ .

[sendte]
[jenta]

22. Ned fra treet _____ .

[en liten fugl]
[kom]

23. Om nettene _____ mye .

[drømte]
[gutten]

24. På bordet _____ .

[boka]
[lå]

25. På toget _____ .

[sov]
[en trøtt
student]

26. Fortellinger om dyrene i skogen _____ til barnet.

[foreldrene]
[leste]

27. Boka _____ i sekken.

[studenten]

[la]

28. I treet _____ .

[var]

[det lille
ekornet]

29. Om bord i flyet _____ hele tiden.

[hostet]

[noen syke barn]

30. På skolen _____ mye.

[studentene]

[skrev]

31. Hamburgere _____ til middag.

[noen jenter]

[spiste]

32. En rapport om en spennende studietur _____ .

[skrev]

[noen
studenter]

33. Ned på huset _____ .

[det høye treet]

[falt]

34. Etterpå _____ mye.

[den snille
gutten]

[angret]

35. I skogen _____ .

[bodde]

[en stor bjørn]

36. Mobilen sin _____ i går.

[en venn av
meg]

[ødela]

37. Da sola skinte _____ .

[smilte]

[den gamle
mannen]

Comments:

.....
.....
.....
.....
.....

Vedlegg 2: Resultat – setningsbasert

Informant (i)	Setningsnummer 38	Verb-Kategori 39										Avvik setning
			i1	i2	i3	i4	i5	i6	i7	i8	i9	
Kursnivå (n)			n1	n1	n1	n1	n1	n2	n2	n2	n3	
	1	E	-	-	-	-	-	-	-	X	-	1
	2	E	-	-	-	-	-	-	-	-	-	0
	3	I	-	-	-	-	-	-	-	X	-	1
	4	T	-	-	-	-	X	-	-	-	X	2
	5	T	-	-	-	-	X	-	-	-	-	0
	6	I	-	-	-	-	X	-	-	X	-	2
	7	E	-	-	-	-	-	-	-	-	-	0
	8	E	-	-	-	-	-	-	-	-	-	0
	9	I	-	-	-	-	X	-	-	X	-	2
	10	T	-	X	-	-	X	X	-	X	X	5
	11	E	-	-	-	-	-	-	-	-	-	0
	12	I	-	-	-	-	X	X	-	X	-	3
	13	I	-	-	-	-	X	X	-	X	-	3
	14	E	-	X	-	-	-	-	-	X	-	2
	15	T	-	-	-	X	X	-	-	-	-	2
	16	T	-	-	-	X	X	-	-	X	X	4
	17	E	-	-	-	-	-	-	-	X	-	1
	18	I	-	-	-	-	X	-	-	X	X	3
	19	T	-	-	-	-	-	-	-	-	-	0
	20	T	-	-	-	X	-	-	-	-	X	2
	21	E	-	-	-	-	-	-	-	-	-	0
	22	I	-	-	-	-	X	-	-	X	-	2
	23	E	-	-	-	-	-	-	-	-	-	0
	24	I	-	-	-	-	X	-	-	X	-	2
	25	T	-	-	-	-	X	-	X	X	-	3
	26	T	-	-	-	X	X	-	-	X	X	4
	27	E	-	-	-	-	-	-	-	-	-	0
	28	I	-	-	-	-	X	X	-	-	-	2
	29	I	-	-	-	-	X	-	-	X	-	2
	30	T	-	-	-	X	X	-	-	-	X	3
	31	T	-	-	-	-	X	-	-	X	X	3
	32	E	-	-	-	-	-	-	-	-	-	0
	33	I	-	-	-	-	X	-	X	X	-	3
	34	E	-	-	-	-	-	-	-	-	-	0
	35	T	-	-	-	-	X	-	-	X	-	2
	36	I	-	-	X	-	-	-	-	-	X	2
Avvik informant			0	2	1	5	20	4	2	19	9	

³⁸ X = subjektet på andre plass, - = verbet på andre plass

³⁹ E = ergativ, I = inergativ, T = transitivt.

Vedlegg 3: Resultat – informantbasert

PERSONALIA			SPRÅKKOMPETANSE					RESULTAT													
Informant	Alder	Kjønn	Tid busett i Noreg	Kurs nivå	Språktrening utanom norskopplæring	Eigenvurdering (S = skriftleg M = munnleg)	Andre språk	Resultat (V = verbet på andre plass, SU = subjekt på andre plass)	Merknad												
1	39	M	17 mnd	n1	Han snakkar litt norsk med norske vennar, og les avisartiklar (magazine articles).	S = b M = b	Tysk = b	<table border="1"> <caption>Data for Informant 1</caption> <thead> <tr> <th>Category</th> <th>V</th> <th>SU</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>E</td> <td>12</td> <td>0</td> </tr> <tr> <td>I</td> <td>12</td> <td>0</td> </tr> <tr> <td>T</td> <td>12</td> <td>0</td> </tr> </tbody> </table>	Category	V	SU	E	12	0	I	12	0	T	12	0	V2 i alle 36 setningane.
Category	V	SU																			
E	12	0																			
I	12	0																			
T	12	0																			
2	25	M	6 mnd	n1	Han snakkar norsk i sosiale tilstellingar og når han handlar i butikken.	S = b M = b 40	Spansk = b Kommentar: Hugsar berre nokre få ord spansk.	<table border="1"> <caption>Data for Informant 2</caption> <thead> <tr> <th>Category</th> <th>V</th> <th>SU</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>E</td> <td>11</td> <td>1</td> </tr> <tr> <td>I</td> <td>12</td> <td>0</td> </tr> <tr> <td>T</td> <td>11</td> <td>1</td> </tr> </tbody> </table>	Category	V	SU	E	11	1	I	12	0	T	11	1	V2 i 34 setningar. Unntak: 10 (T) 14 (E). Metalingvistikk ⁴¹
Category	V	SU																			
E	11	1																			
I	12	0																			
T	11	1																			
3	25	M	8 mnd	n1	Han snakkar ikkje norsk ved sida av språkkurs, bortsett frå at han prøver å snakke i kvardagssituasjonar.	S = b M = b	Tysk = b Svensk = b	<table border="1"> <caption>Data for Informant 3</caption> <thead> <tr> <th>Category</th> <th>V</th> <th>SU</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>E</td> <td>11</td> <td>0</td> </tr> <tr> <td>I</td> <td>12</td> <td>0</td> </tr> <tr> <td>T</td> <td>11</td> <td>1</td> </tr> </tbody> </table>	Category	V	SU	E	11	0	I	12	0	T	11	1	V2 i 35 setningar. Unntak: 36 (I) (tematisert leddsetning)
Category	V	SU																			
E	11	0																			
I	12	0																			
T	11	1																			

⁴⁰ Informant 2 skriv at han framleis lærer mange verb og verbtider, og at han kan snakke om seg sjølv og gi enkle retningsforklaringar, men at det er vanskeleg å bruke dialekt.

⁴¹ Informant 2 har markert 4, 10, 26 og 30 (T) og kommentert at setningane som startar med eit substantiv som det einaste ordet, høyrer merkeleg ut uansett rekkjefølgje. I desse tilfella synes han det er vanskeleg å skjønne kva som utfører handlinga og kva som er objektet ved første augekast. Han har plassert ei stjerne ved sida av nokre av desse tilfella.

Informant	Alder	Kjønn	Tid busett i Noreg	Kurs nivå	Språktrening utanom norskopplæring	Eigenvurdering (S = skriftleg, M = munnleg)	Andre språk	Resultat (V = verbet på andre plass, SU = subjekt på andre plass)	Merknad												
4	36	M	6 mnd	n1	Prøver å snakke norsk med kollegaene sine.	S = i M = b Kommentar: Han kan skrive enkle setningar greitt.	Fransk = f Svensk = i	<table border="1"> <caption>Resultat for Informant 4</caption> <thead> <tr> <th>Objekt</th> <th>V</th> <th>SU</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>E</td> <td>12</td> <td>0</td> </tr> <tr> <td>I</td> <td>12</td> <td>0</td> </tr> <tr> <td>T</td> <td>7</td> <td>5</td> </tr> </tbody> </table>	Objekt	V	SU	E	12	0	I	12	0	T	7	5	V2 i 31 setningar. Unntak: 5, 16, 20, 26, 30 (T, UK) Merk: I 10 og 35 (T, UK) har informanten subjektet på andre plass, men i dei fire setningane med komplekst tematisert objekt, har informanten V2.
Objekt	V	SU																			
E	12	0																			
I	12	0																			
T	7	5																			
5	33	M	14 mnd	n1 (feb)	Han snakkar litt norsk heime og skriv litt norsk i tekstmeldingar og e-mail.	S = b M = b		<table border="1"> <caption>Resultat for Informant 5</caption> <thead> <tr> <th>Objekt</th> <th>V</th> <th>SU</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>E</td> <td>12</td> <td>0</td> </tr> <tr> <td>I</td> <td>2</td> <td>10</td> </tr> <tr> <td>T</td> <td>2</td> <td>10</td> </tr> </tbody> </table>	Objekt	V	SU	E	12	0	I	2	10	T	2	10	V2 i 16 setningar, og derav 12 ergative.
Objekt	V	SU																			
E	12	0																			
I	2	10																			
T	2	10																			
6	26	K	3,5 år	n2	Ho deltek på det ho kallar Norwegian meetings på jobb, men kan berre svare på engelsk. Ho les også norsk på jobb og i avisa.	S = b(+) M = b Kommentar ⁴²	Spansk = i	<table border="1"> <caption>Resultat for Informant 6</caption> <thead> <tr> <th>Objekt</th> <th>V</th> <th>SU</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>E</td> <td>12</td> <td>0</td> </tr> <tr> <td>I</td> <td>9</td> <td>3</td> </tr> <tr> <td>T</td> <td>11</td> <td>1</td> </tr> </tbody> </table>	Objekt	V	SU	E	12	0	I	9	3	T	11	1	V2 i 32 setningar. Unntak: 10 (T) 12 (I) 13 (I) 25 (I)
Objekt	V	SU																			
E	12	0																			
I	9	3																			
T	11	1																			

⁴² Informant 6: S = Ho kan skrive norske setningar, men det tek lang tid å sjekke opp grammatikk, rettskriving, ordrekkefølge etc. M = ho klarer seg fint i offentlegheita, men det er aldri naudsynt å snakke norsk. Ho vel likevel ofte å snakke norsk i samtalar.

Informant	Alder	Kjønn	Tid busett i Noreg	Kurs nivå	Språktrening utanom norskopplæring	Eigenvurdering (S = skriftleg M = munnleg)	Andre språk	Resultat (V = verbet på andre plass, SU = subjekt på andre plass)	Merknad												
7	33	M	12 mnd	n2	Han snakkar norsk på jobb og i dagleglivet, men ikkje elles.	S = b M = b	Kinesisk = b Japansk = b	<table border="1"> <caption>Data for Informant 7</caption> <thead> <tr> <th>Category</th> <th>V</th> <th>SU</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>E</td> <td>12</td> <td>0</td> </tr> <tr> <td>I</td> <td>11</td> <td>1</td> </tr> <tr> <td>T</td> <td>11</td> <td>1</td> </tr> </tbody> </table>	Category	V	SU	E	12	0	I	11	1	T	11	1	V2 i 34 setningar. Unntak: 25 (T) 33 (I) Merk: begge er plassert øvst i venstre hjørne i boksa. Informanten er van med å skrive V2 ⁴³
Category	V	SU																			
E	12	0																			
I	11	1																			
T	11	1																			
8	21	M	12 mnd	n2	Han prøver å snakke litt norsk med nokre nordmenn han trener med.	S= b M= b Kommentar: Han meiner har mykje att å lære og gjer mange feil munnleg.	Fransk= b Tysk = b	<table border="1"> <caption>Data for Informant 8</caption> <thead> <tr> <th>Category</th> <th>V</th> <th>SU</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>E</td> <td>9</td> <td>3</td> </tr> <tr> <td>I</td> <td>2</td> <td>10</td> </tr> <tr> <td>T</td> <td>6</td> <td>6</td> </tr> </tbody> </table>	Category	V	SU	E	9	3	I	2	10	T	6	6	V2 i 15 setningar. Unntak: Ergative med SU 1, 14 og 17. Inergative med V2: 28 og 36
Category	V	SU																			
E	9	3																			
I	2	10																			
T	6	6																			
9	26	M	18 mnd	n3	Han brukar norsk både når han snakkar med og tekstar vennar, på jobb og i butikkar etc.	S= i M= i Kommentar ⁴⁴		<table border="1"> <caption>Data for Informant 9</caption> <thead> <tr> <th>Category</th> <th>V</th> <th>SU</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>E</td> <td>12</td> <td>0</td> </tr> <tr> <td>I</td> <td>10</td> <td>2</td> </tr> <tr> <td>T</td> <td>5</td> <td>7</td> </tr> </tbody> </table>	Category	V	SU	E	12	0	I	10	2	T	5	7	V2 i 25 setningar. Påverka av norskundervisning ⁴⁵
Category	V	SU																			
E	12	0																			
I	10	2																			
T	5	7																			

⁴³ Informant 7 kommenterer at sjølv om der var nokre setningar han ikkje heilt forstod, kjentes det stort sett naturleg å ha verbet på andre plass. Han reknar med dette er fordi han er blitt van med dette, og at det derfor ville kjennast unaturleg å gjere noko anna enn det han har lært.

⁴⁴ Informant 9: S= Grammatikk er vanskelig. M= Han har hatt meir trening enn andre på grunn av jobben, men at han likevel har vanskar med språket.

⁴⁵ Informant 9 kommenterer til slutt at det er vanskelig å vurdere korleis han ville ha skrive setningane utan noko tidlegare norskundervisning, men at nokre setningar var enklare enn andre.

Samandrag

Hovudformålet med denne oppgåva er å utforske syntaktisk transfer med utgangspunkt i lokativ inversjon i engelsk. Setningar med tematiserte ledd i engelsk gir ein setningsstruktur med *subjektet* i andre posisjon, men i lokativ inversjon-konstruksjonen får ein subjekt-verb-inversjon og dermed *verbet* på andre plass. På denne måten får vi setningar som på overflata er lik dei vi har i V2-språk, og som dermed eignar seg godt til å utforske transfer frå engelsk morsmål til norsk målspråk.

Med bakgrunn i denne likskapen blir det formulert ein hypotese om at det for innlærarar av norsk med engelsk som morsmål, er lettare å meistre V2 ved norske ekvivalentar til typiske lokative inversjonsstrukturar i engelsk. Denne hypotesen blir stadfesta gjennom resultat frå ein informanttest der N2-innlærarar med engelsk som morsmål viser større vanskar med V2 ved transitive og inergative verb enn ved lokative inversjonsstrukturar. Særskilt tydeleg er mønsteret hos dei to informantane som ikkje har kompetanse i andre språk, og som difor representerer direkte transfer frå engelsk til det norske målspråket.

Vidare blir det lagt fram ein hypotese om at forskjellen som er funne i grad av V2 i lokative inversjonsverb og intransitive/transitive verb, skuldast ein form for syntaktisk transfer. I drøftinga av denne hypotesen blir den syntaktiske forskjellen mellom den engelske lokativ inversjon-konstruksjonen og norske deklaratve hovudsetningar eit viktig poeng. Ergativ-analysen av deskriptiv V2, som vi her antek som analysestruktur for lokativ inversjon-fenomenet, har nemleg ikkje V2 som eit underliggjande syntaktisk trekk. V2 er berre noko vi kan observere på overflata i setningsstrukturen i lokative inversjonssetningar, og den skil seg slik frå norske deklaratve hovudsetningar med eit analytisk V2-krav. Dette gir høve til å skilje mellom strukturane og såleis teste om informantane føretrekkjer den engelske eller den norske strukturen for dei norske ekvivalentane til lokativ inversjon.

Informantane føretrekkjer verbflyttingsstrukturen for dei norske ekvivalentane til LI, og eg hevdar følgjeleg at forklaringa av overvekt av V2 ved lokative inversjonsverb ligg i syntaktisk transfer ved hjelp av «leksikalske triggjarar». I denne hypotesen ligg ein påstand om at dei lokative inversjonsverba triggjar ein V2-struktur i det norske målspråket. På denne måten utløyser desse verba ein analytisk V2-struktur i målspråket, og innlærarane får høgare grad av V2 ved ergative verb enn i setningar med verb som ikkje tek lokativ inversjon.

Relevans for virket som lektor

I arbeid med masteroppgåva har eg tatt i bruk mykje av det eg har lært i løpet av desse fem åra som lektorstudent. Mellom anna har kritisk tenking og gode arbeidsmetodar vore sentralt i planlegging og utvikling av ei stor oppgåve, og dette blir viktige erfaringar å ta med seg inn i rettleiing av komande elevar. Vegen til informasjon er kort i det teknologiske samfunnet, og desto meir sentralt står eigenskapen om å innhente relevant og påliteleg informasjon, og ta i bruk denne på ein sjølvstendig måte.

Tematisk har oppgåva mi tatt eit djupdykk i generativ andrespråksforskning. Temaet norsk som andrespråk bli eit stadig meir aktuelt tema i skulen. Med omsyn til tilpassa opplæring blir innblikk i korleis kulturen, erfaring og tidlegare språkkunnskapar kan påverke og brukast som verktøy i norskopplæringa gode perspektiv å ta med seg inn i ein klasse med minoritetsspråklege elevar. Spesielt har eg undervegs i masterløpet fått eit teoretisk innblikk i kvifor så mange slit med meistring av dei same språktrekka, og kor mykje morsmålet deira har å seie for vanskegraden med å lære seg språket. Både gjennom å tileigne meg generell kunnskap innan norsk som andrespråk som fagfelt, og å forske på tema knytt til morsmålspåverknad, har eg ein betre føresetnad for å planlegge undervisning i eit fleirspråkleg klasserom.

I tillegg har arbeid med grammatikk gitt meg gode føresetnader for å forklare språkssystem slik at elevane kan forstå dei, samt gitt innsikt i korleis grammatikk kan betre skrivekunnskapar. Eitt av prinsippa i undervegsvurdering er at elevane skal få konkrete tilbakemeldingar på korleis dei kan forbetre seg. I kommunikasjonen om tekst og skriving, blir eit metaspråk ein tydeleg måte å samtale med eleven om kva som kjenneteiknar eit korrekt og godt språk. Både forskning og erfaring viser at dette potensielt er eit nyttig verktøy i all språklæring, så lenge læraren har god kompetanse og det blir skapt ei felles forståing av metaspråket mellom elev og lærar.